

Årsrapport 2000



ARBEIDSTILSYNET

Innhold

Forord 4

Arbeidstilsynet 5

- arbeidet i styret 5
- administrasjon og leing 5
- leiinga for etaten 6
- ressursfordelinga i Arbeidstilsynet 7

Arbeidsmiljøsituasjonen 8

- visjon og røyndom 8
- røyndomen og arbeidet mot strategiske mål 9

Tilsyn 16

- tilsynsverksemda 17
- sentrale kampanjar 18
- sentrale aksjonar 19
- lokale innsatsområde 19
- anna verksemdstilsyn 21
- byggjesaksbehandling 22

Regelverk 23

- regelverksutvikling 23
- anna regelverksarbeid 24
- standardiseringsarbeid 24

Effektivisering av forvaltninga 25

- sentrale juridiske oppgåver 25
- informasjon og samfunnskontakt 26
- lønnsgarantiordninga 28
- miljøarbeidet i etaten 29
- interne utviklings- og effektiviseringsoppgåver 30

Samarbeid med andre 31

- internasjonalt samarbeid 31
- internettsamarbeid 32
- samarbeid – tilsyn 32

Budsjett og rekneskap 33

Statistikk 35

- tekniske opplysningar 35
- tabellar 37

Forord



Foto: Lise Ekern

Ar 2000 har ført oss over i det 21. hundreåret – og på mange måtar inn i ei ny tid. Mange snakkar om det nye arbeidslivet og om dei utfordringane det vil representere for oss alle. I 1999 la det såkalla Arbeidslivsutvalet fram utgreiinga si om det nye arbeidslivet. I år 2000 fikk vi ei anna utgreiing, NOU 2000:27 Sykefravær og uførepensjonering, med undertittelen «Et inkluderende arbeidsliv» (Sandman-utvalet). Begge desse innstillingane speglar store utfordringar, ikkje minst for Arbeidstilsynet. Utfordringane er knytte til både det «gamle» og det «nye» arbeidslivet. For det faktiske forholdet er jo at begge eksisterer – side om side. Dei gamle problema er der framleis, men nye kjem til!

I ei rekkje samanhengar har Arbeidstilsynet hevda at systematisk arbeid for helse, miljø og tryggleik er førebyggjande innsats, der eit sentralt mål er at arbeidstakaren kan gå gjennom eit langt yrkesliv og framleis ha helsa i behald. Det er det som er eit inkluderande arbeidsliv – eit arbeidsliv der det er plass til tilsette med ulike føresetnader, også dei som ikkje har full arbeidsevne. I visjonen til Arbeidstilsynet seier vi at «det gode arbeidsmiljøet» er prega av at arbeidet i seg sjølv er helsefremjande, og at ingen døyr, blir skadde eller blir sjuke som følgje av manglar ved arbeidsmiljøet. I dagens arbeidsliv opplever vi utstøying, både ved at menneske ikkje kjem inn i arbeidslivet, og ved at altfor mange blir skyvde ut! I mange verksemdar er det for eksempel totalt frávær av folk over 60 år. Da hjelper det ikkje om dei same verksemdene har lågt sjukefrávær. Vi kan i alle fall ikkje utan vidare seie at dei har eit inkluderande arbeidsmiljø.

Det er inga enkel oppgåve å få til reduksjonar i sjukefrávær og uførepensjonering. Sikkert er det at det krev samla og målretta innsats frå alle

gode krefter som på ein eller annan måte har del i problemet.

Sandman-utvalet har i hovudsak sett på kva som må til for å få sjuke og uføre tilbake til arbeid. Det er sjølvsagt viktig. Enda viktigare er det etter mi meining å hindre eller førebyggje at folk blir sjuke eller uføre. I den grad kjelda til problemet er arbeidslivet, kan det berre skje gjennom å leggje vekt på det gode arbeidsmiljøet. Arbeidstilsynet har markert dette sterkt i fråsegnene sine om oppfølginga av innstillinga frå Sandman-utvalet. Samtidig har vi peikt på at vi er parate til å gå inn i eit breitt samarbeid med andre aktørar, ikkje minst Trygdeetaten og Aetat, men òg overordna styresmakter og partane i arbeidslivet. Dessutan har vi poengtert at det er ein ressurskrevjande jobb som helst krev auka løyvingar. Men i det perspektivet vi snakkar om, er det utgifter til innsparing av utgifter! Vinninga vil kunne vere mykje større enn det innsatsen kostar!

Innsatsen til Arbeidstilsynet er i all hovudsak retta inn mot det førebyggjande. Å skape ein betre kvardag for arbeidstakarane i landet krev ei styrking av dette arbeidet. Sandman-utvalet ser arbeidslivet som ein arena for arbeidet for inkludering. Arbeidstilsynet har nærleik til dette arbeidslivet og til verksemdene i landet. Vi har dermed store utfordringar i det 21. hundreåret!

Ivar Leveraas
Direktør

Arbeidstilsynet

Arbeidet i styret

Den viktigaste oppgåva til styret har vore å trekke opp retningslinjer for verksemda til Arbeidstilsynet og sjå til at etaten utfører oppgåvene sine i samsvar med arbeidsmiljølova og intensjonane i henne. I 2000 vart det halde 8 styremøte, og i alt 39 saker vart behandla. Behandlinga av forskriftssaker har også i 2000 stått sentralt i styrearbeidet (jf. oversikt s. 22).

Sentrale saker

Styret har vore oppteken av den vanskelege økonomiske situasjonen til etaten og har derfor lagt stor vekt på budsjettspørsmål – både i tilknytning til behandlinga av verksemdsplanen for etaten og gjennom innspela frå direktoratet for budsjettet neste år.

Det vart vidare gjennomført eit temamøte for styret i samband med styremøtet i februar, der ein gjekk gjennom verksemdsplanane for einingane sett i forhold til planbrevet og tildelingsbrevet. Styremøtet i juni var lagt til distriktkontoret i Moss. I tilknytning til dette møtet vart det halde eit seminar der det særleg vart fokusert på oppgåver, planlegging, gjennomføring og oppfølging av tilsyn i distrikta og dessutan reaksjonsbruk og samarbeid med andre.

Vidare får styret halvårlege rapportar over klagesaker som er avgjorde i direktoratet. Dessutan blir styret halde orientert om større kampanjar og aksjonar som blir gjennomførte i regi av etaten.

Som vanleg er den årlege statusrapporten for helse, miljø og tryggleik i Arbeidstilsynet lagd fram for styret.

Samansetjinga av styret

Representant	Vararepresentant
<i>Uavhengige representantar:</i>	
Nils Totland, leiar Torill Broch Seeberg, nestleiar Rolf I. Pedersen	Kirsten Rognstad (for Totland, Broch Seeberg, Pedersen)
<i>Representantar for arbeidsgjeveren:</i>	
Geir Riise Berit Andersen	Randulf Å. Riderbo Birgit Ransedokken
<i>Representantar for arbeidstakaren:</i>	
Bjørn Erikson Evy Buverud Pedersen	Per Aahlin Finn Berge-Haaland
<i>Representantar frå landbruket:</i>	
Odd Grøstad	Merete Kühle-Hansen
<i>Representantar for dei tilsette:</i>	
Ole Kinn-Berntsen Frode Vatne	Åse Tårnesvik Mette Rød Fredriksen

Administrasjon og leiging

Arbeidet i direksjonen

Direksjonen består av desse leiarane i direktoratet: direktør, to divisjonsdirektørar, informasjonssjef, seksjonsleiar ved juridisk seksjon og seksjonsleiar ved Seksjon for plan og utredning.

Direksjonen møtest fast for å behandle saker som gjeld den overordna styringa av etaten. I 2000 vart det halde 29 ordinære direksjonsmøte der det vart behandla 158 saker. Sentrale saker har blant anna vore: budsjett, serviceerklæringar, planarbeid, oppgøvestruktur og organisasjonsstruktur, livsfaseorientert personalpolitikk og flyttinga av direktoratet til Christian Krohgs gate i 2001.

Arbeidet i Leiarforum

Leiarforum er eit samarbeidsorgan mellom leinga i direktoratet og distriktssjefane. I 2000 vart det halde 6 møte der det vart behandla 48 saker. Sentrale saker har blant anna vore: planarbeid, aksjonar og kampanjar frå etaten, tilsynsprogram og tilsynsprofil, risikovurdering som grunnlag for tilsynsaktiviteten, innstillinga frå arbeidslivsutvalet, oppfølging av innstillinga frå Sandman-utvalet, oppgøvestruktur og organisasjonsstruktur, serviceerklæringar, rusmiddelpolitikk (blant anna fellesmøte med AKAN-kontaktane i etaten) og internt HMS-arbeid (helse-, miljø- og tryggleiksarbeid).

Leiinga for etaten

Medlemmene i direksjonen:

Ivar Leveraas, direktør

Nils-Petter Wedege, divisjonsdirektør,
Helse-, miljø- og sikkerhetsdivisjonen

Haakon Lehmann, divisjonsdirektør,
Forvaltningsdivisjonen

Lise Ekern, fungerande avdelingsdirektør,
Informasjonsavdelinga (til 09.03.00)

Odd Einar Johansen, informasjonssjef,
Informasjonsavdelinga (frå 10.03.00)

Trygve Dahl, seksjonsleiar, Juridisk seksjon

Kari Aamot, seksjonsleiar,
Plan- og utredningsseksjonen

Distriktssjefar:

1. distrikt:

Sissel Olaisen (til 30.06.00)

Per Davidsen (fungerande distriktssjef 01.07.00-
26.11.00)

Hanne Luthen (frå 27.11.00)

2. distrikt:

Einar Wold

3. distrikt:

Per Rasmussen

4. distrikt:

Thordis Krohg

Distrikt Vestfold:

Frank Vik-Hansen

Distrikt Telemark:

Torbjørn Bendiksen

6. distrikt:

Ken Sletmo

7. distrikt:

Ole Aas Nilssen

8. distrikt:

Eli Bjørklid

9. distrikt:

Olaug Flø Brekke

10. distrikt:

Nils Jakobsen

11. distrikt:

Vibeke Stavnes

12. distrikt:

Hallgerd Sjøvoll



Ressursfordelinga i Arbeidstilsynet

I tillegg til rein tilsynsverksemd har etaten andre utoverretta oppgåver: informasjon og samfunnskontakt, behandling av søknader, klagar og dispensasjonar, forvaltning av lønnsgarantiordninga, regelverksarbeid og internasjonalt arbeid. Til alle desse utoverretta oppgåvene er det knytt nødvendige utviklingsoppgåver (kompetanse-, fag- og administrative oppgåver).

Andre viktige oppgåver som støttar opp under den utoverretta verksemda, er service-/støt-

te- og leiingsfunksjonar, planarbeid, økonomi- og personalforvaltning. Ressursbruken i direktoratet skal i all hovudsak støtte opp under den utoverretta verksemda i distrikta.

Gjennom året registrerer vi tidsbruken til dei tilsette i forhold til dei ulike aktivitetane som blir vurderte opp mot den planlagde ressursbruken.

	Planlagde årsverk	Utførte årsverk
Totalt	488	458
Aktivitetar retta mot publikum (tilsyn, informasjon, behandling av søknader, klagar og dispensasjonar, regelverksutvikling og lønnsgarantiordninga)	233*	214*
Aktivitetar som direkte støttar dei utoverretta publikumsaktivitetane (samarbeid med andre, fagutvikling, utviklingsoppgåver, kompetanseutvikling)	72	67
Intern administrasjon som (indirekte) støttar publikumsaktivitetane (IT-drift, service og støtte, leing, møteverksemd, oppfølging av tilsynsarbeidet)	120	121
Generell administrasjon	61	55
* Av desse tala utgjer tilsynsverksemda åleine 127 planlagde årsverk og 121 utførte årsverk. (Tal for 1999: 123 og 103 årsverk.)		

Den viktigaste og prioriterte oppgåva til etaten er tilsyn. Etaten arbeider målretta med å ha ei høveleg ressursfordeling mellom dei ulike aktivitetane. Målet med effektivisering/vidareutvikling er å ta ut ein gevinst i meir ressursar til tilsynsverksemd. Samtidig vil vi peike på at innføringa av nye styringssystem, rutinar og reglement er ressurskrevjande.

Arbeidsmiljøsituasjonen

Dei tre hovudmåla for Arbeidstilsynet:

- ◆ Arbeidsmiljøet i verksemdene skal vere fullt forsvarleg
- ◆ Arbeidstakarane skal ha sikre tilsetjingsforhold og ryddige arbeidsforhold
- ◆ Den enkelte arbeidstakaren skal sikrast ein meningsfylt arbeidssituasjon

Visjon

Visjonen om «Det gode arbeidsmiljøet» inneber at arbeidet skal leggjast til rette på ein slik måte at det ikkje gjev helseplager eller andre negative effektar.

Gjennom lover og reglar har samfunnet stilt krav til arbeidsmiljøet. Det overordna målet er «eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø for alle, med trygge tilsetjingsforhold og meningsfylt arbeid for den enkelte». Det er leiinga i verksemdene som har ansvaret for at målsetjinga om arbeidsmiljøet blir nådd.

- og røyndom

Store delar av norsk arbeidsliv har ein høg standard på arbeidsmiljøet. Likevel omkom 57 menneske som følgje av arbeidet i 2000. Frå 1970 til 1977 var talet på dødsfall over 100 i året, men fram til 1987 gjekk talet ned til eit gjennomsnitt på 81 dødsfall. Dei siste 10 åra har det skjedd ein ytterlegare reduksjon. Årsaksforhold som stadig går att når det gjeld dødsulykkene, er manglar ved opplæring og øving i å handtere arbeidsutstyret på ein sikker måte. Dei mest utsette bransjane er som tidlegare jordbruk, transport og bygg og anlegg, og det er i hovudsak menn som er den utsette gruppa. 16 personar omkom innan jordbruk, 12 innan transport og 6 i bygg- og anleggsbransjen. Dødsulykkene fordeler seg slik på alder: 15 dødsulykker i aldersgruppa 20-39 år, 31 i gruppa 40-49 år og 11 i gruppa 60-80 år. 54 av dei omkomne var menn og 3 kvinner.

I 2000 vart det innrapportert 3 649 sjukdomstilfelle og omkring 22 700 skadar på grunn av arbeidssituasjonen (dei reelle tala er truleg mykje høgare). Generelt reknar vi med at 250 000 menneske har varige helseplager på grunn av arbeidsmiljøet, og at belastningslidningar og høyrleskadar er særleg vanlege yrkesskadar.*

Betring av arbeidsmiljøet vil gje samfunnet gevinstar på 40 milliardar kroner i året og spare mange menneske for sjukdom og skade.

Arbeidstilsynet er ein reiskap for å betre arbeidsmiljøet. Gjennom kontroll av krav og fastsetjing av rammer utgjer verksemda i etaten ein viktig del av det førebyggjande helsearbeidet, ikkje minst for å hindre utstøyting frå arbeidslivet. For arbeidsmiljøstyremaktene ligg det store utfordringar i å finne eigna verkemiddel og strategiar for å løyse arbeidsmiljøproblem. Det er nødvendig å ha best mogleg kunnskap om korleis situasjonen er og utviklar seg.

* Dette talet gjeld pr. 31.12.00, men pga. etterslep i tilmeldinga reknar vi med at dette talet blir 33-35 000. (Eks.: 1999-talet har forandra seg frå 21 500 til 32 700.)

Røyndom og arbeidet mot strategiske mål

1 Arbeidsmiljøet i verksemdene skal vere fullt forsvarleg

1.1 Tekniske innretningar og utstyr skal vere sikra, slik at arbeidstakaren er ver- na mot skadar på liv og helse.

Det tilsynet Arbeidstilsynet har ført med etterlevinga av forskriftene, har ført til auka innsats og vilje blant ein del produsentar og leverandørar til å sikre maskiner og utstyr. Samtidig er det klart at det framleis trengst innsats frå produsenthald og frå Arbeidstilsynet som tilsynsetat for å oppnå full tryggleik mot fysiske skadeverknader. Det viser ulykkesstatistikken og erfaringane frå tilsynsaktiviteten.

I det førebyggjande tilsynsarbeidet er det svært viktig for Arbeidstilsynet framleis å leggje vekt på at verksemdene lærer opp arbeidstakarane til å handtere arbeidsutstyret på ein forsvarleg måte. Det er òg viktig å sjå til at det blir gjevne skriftlege instruksar for arbeid med særleg risikofylt arbeidsutstyr, og at opplæring og instruksar baserer seg på rettleiinga frå produsenten.

I dei siste 10 åra har det vore ein markert auke i talet på melde yrkesskadar til Arbeidstilsynet frå 25 000 til 34 000 årleg. Når vi reknar med ei stor underrapportering, tyder det på at dei fysiske arbeidsmiljøbelastningane framleis er store. Statistikken til Arbeidstilsynet over talet

på yrkesskadar etter næring og type hending viser at skadane for ein stor del oppstår i form av støyt og slag, splintar frå maskin, klem- og stikk-skadar. I den siste 10-årsperioden kan nærare halvparten av ca. 250 000 skadar knytast til tekniske innretningar og utstyr på ein eller annan måte.

Marknadskontroll av maskiner og utstyr som er CE-merkte og er tekne i bruk, har til no hovudsakleg vore gjennomført innanfor den vanlege tilsynsverksemda. Kontrollaktivitetane viser ein tendens til at det ofte blir omsett og teke i bruk maskiner og utstyr som ikkje oppfyller dei krava forskriftene stiller til vernetiltak. Det blir derfor viktig at tilsynsarbeidet fører til auka innsats og vilje blant produsentar og leverandørar, slik at dei tek på seg plikta si til å oppfylle tryggleikskrava før dei omset maskiner. Like viktig blir det at tilsynet fører til auka innsats og vilje hos arbeidsgjevarar til å forsikre seg om at maskinene verkeleg er sikre å bruke, og at arbeidstakarane får nødvendig opplæring, øving og instruksjon.

1.2 Den enkelte arbeidsplassen skal vere fullt forsvarleg ut frå omsynet til helse, miljøet og tryggleiken til arbeidstakaren

Målsetjinga inneber at arbeidslokale, arbeidsutstyr og arbeidsprosessar skal vere utforma, tilrettelagde og organiserte slik at arbeidsmiljøet blir fullt forsvarleg. Det er framleis ein veg å gå før målet er nådd.

SSBs levekårsundersøkingar viser at opptil kvar tredje arbeidstakar rapporterer at dei er plagga med tørr luft, trekk og kulde på arbeidsplassen minst halve dagen. Kvar sjuande arbeidstakar opplever støvproblem. Ein av tolv arbeidstakarar seier at dei er utsette for sterk støy. Hovudinntrykket frå levekårsundersøkingane er at det i 1990-åra ikkje har vore særlege endringar i korleis arbeidstakarar opplever desse arbeidsmiljøforholda. Men vurderinga til Arbeidstilsynet er at det skjer ei gradvis betring i dei fysiske arbeidsmiljøforholda.

Etterforskning viser at svært mange alvorlege ulykker kjem som følgje av mangelfull tilrettelegging og organisering av arbeidet, som

- manglande kartlegging av arbeidsmiljøet med tanke på å finne fram til og setje i verk nødvendige tiltak
- mangelfull opplæring av arbeidstakarar og dermed feil bruk av arbeidsutstyr
- manglande skriftleg instruks for arbeidsoppgåver som kan innebære særleg fare for liv og helse

Ei sterkt revidert utgåve av forskrifta om bruk av arbeidsutstyr tok til å gjelde 01.01.2000. Forskrifta understrekar det ansvaret som arbeidsgjevaren har bl.a. for å velje eigna, forskriftsmessig utstyr, sørge for opplæring av arbeidstakarane og godt vedlikehald og kontroll av arbeidsutstyret. Det er ei stor utfordring for Arbeidstilsynet i åra framover å påverke verksemdene til å etterleve denne regelen.

1.3 Arbeidstakaren skal vernast mot giftige og andre helsefarlege kjemikaliar slik at arbeidsmiljøet blir fullt forsvarleg

Ifølgje tal frå Produktregisteret er det registrert omtrent 25 000 helsefarlege kjemikaliar i Noreg. Det er ei fordobling på dei siste 10 åra. Det er ein auke i talet på allergi- og kreftframkallande kjemikaliar, men det kan komme av betre registrering og ikkje nødvendigvis av ein reell auke i bruken. Hovudmengda av registrerte kjemikaliar er stoff med allergiframkallande, etsande og irriterande eigenskapar og løysemiddel som kan gje skadar på sentralnervesystemet.

Eksposering for kjemikaliar skjer i alle hovudsektorar i arbeidslivet, for eksempel ved kontakt med reingjeringsmiddel, i form av metallstøv og metallrøyk, mineralstøv, fibrar, organisk

støv, løysemiddeldampar, plantevernmiddel og plastkjemikaliar. Undersøkingar tyder på at den kjemiske eksponeringa har vorte verre det siste tiåret. Eksempel på yrkessjukdommar er skadar på sentralnervesystemet, kreft, kroniske bronkittar, astma, støvlungesjukdommar og eksem. Statistikk over talet på yrkessjukdommar viser at det er spesielt mange arbeidstakarar som får lunge- og luftvegslidingar og hudplager som kjem av kjemikaliebruk. Unge arbeidstakarar blir ramma av allergi og overfølsomsreaksjonar med symptom frå auge, nase, lunger og hud i større grad enn andre typar yrkessjukdommar. I verste fall kan sjukdommane vere invalidiserande.

Enkelte bransjar er meir belasta enn andre. Særleg i dei mest risikofylte bransjane kan arbeidstakarane bli utsette for fleire kjemikaliar samtidig. Eksempel på bransjar der det er ein høg risiko for at arbeidstakarane blir eksponerte for kjemikaliar, er bygg og anlegg, bergverksdrift, verkstadindustrien, helsesektoren, produksjon av trelast og møblar og kjemisk industri.

1.4 Arbeidet skal leggjast til rette slik at arbeidstakarane ikkje blir utsette for uheldige belastningar

– ergonomi

Når det gjeld ergonomiske forhold, er muskel- og skjelettlidingar i dag den største årsaka til frávær og uføretrygding og kostar samfunnet ca. 25–30 milliardar kroner (pr. 1995). I tillegg til dei konsekvensane dette har for den enkelte arbeidstakaren, får arbeidsgjevaren store tilleggs-kostnader ved frávær. Fordi reglane i folketrygdlova ikkje definerer belastningslidingar som yrkesskade, er det dei færreste som melder dette som yrkessjukdom til Arbeidstilsynet. Vi ser derfor ei stor underrapportering av denne typen lidingar.

Helseplager som hovudsakleg kjem av dårleg fysisk og organisatorisk tilrettelegging av arbeidet, dvs. ergonomisk relaterte plager, får ein eksempelvis gjennom arbeid som fører med seg tunge lyft og/eller ein-sidig gjentakingsarbeid, uheldige arbeidsstillingar eller dårleg tilrettelagde synsforhold. Eksempel på typiske risikobransjar er reinhald, helse og omsorg, varehandel, transport, lager, bygg og anlegg og typiske kontorarbeidsplassar der arbeidet i vesentleg grad er

bunde til bruk av datautstyr. Kvinner er sterkt representerte i fleire av risikobransjane og vil såleis som gruppe kunne vere spesielt utsette for helseplager som har ergonomiske årsaker. Bransjar som blir prioriterte ved tilsyn retta mot ergonomi, blir definerte nærare gjennom risikobasert tilsyn («BraRisk»), bransjekunnskap, statistiske data og forskingsresultat. Det er utarbeidd ei rettleiing for verifikasjon i forhold til tungt og einsformig arbeid og ei rettleiing for verifikasjon i forhold til arbeidet i verksemdene med bedriftsintern attføring og tilrettelegging for yrkeshemma arbeidstakarar.

Levekårsgranskingane (SSB) viser at den delen av arbeidstakarane som har eit einsformig arbeid med mange gjentekne rørsler, tunge lyft og ei uheldig arbeidsstilling, har halde seg forholdsvis stabil frå 1980 til 1995. Europeisk forskning viser no at dei same arbeidstakarane blir utsette for desse ergonomiske risikofaktorane i ein større prosentdel av arbeidstida enn tidlegare, i tillegg til nyare belastningsformer, som tidspress. Eit ergonomisk dårleg tilrettelagt arbeidsmiljø kan vere ein årsaksfaktor, eller ein kan finne at årsaka i enkelte tilfelle er ein kombinasjon av eit dårleg ergonomisk arbeidsmiljø og eit utilfredsstillande psykososialt arbeidsmiljø. Ergonomiske forhold som vi veit kan føre til muskel- og skjelettlidingar, er (SSB 1996):

	Menn	Kvinner
Tunge lyft (>20 kg dagleg):	24 %	10 %
Einsidige gjentekne rørsler:	34 %	38 %
Sitjande på huk:	12 %	7 %
Ståande eller gåande:	52 %	63 %
Lyft i uheldige stillingar:	9 %	10 %
Arbeid i stillingar som belastar ryggen:	12 %	15 %

12 % menn og 14 % kvinner gjev opp at dei synest arbeidet er svært belastande. Det er med andre ord framleis mange arbeidstakarar som finn arbeidet fysisk tungt. I tillegg må vi vurdere tilleggsfaktorar som arbeid i høgt tempo, låg styring av eige arbeid og låg bemanning.

Det kan synast som om *tungt manuelt arbeid* blir redusert noko i primærnæringane og industrien, med unntak av pleie- og omsorgssektoren og tenesteytande sektor. Dette er mange og kvinnedominerte arbeidsplassar. Ser vi på *ein-sidig gjentakingsarbeid*, er det så godt som ingen reduksjon frå tidlegare år. Her er tekstil- og konfeksjonsbransjen og nærings- og nytingsmiddelindustrien dominerande. Også det er kvinnedominerte arbeidsplassar. I tillegg ser vi i ein del yrke (for eksempel skogbruk) at tungt manuelt arbeid blir erstatta av ein-sidig gjentakingsarbeid.

Dersom vi også inkluderer IT-verksemdar og verksemdar der IT er dominerande verktøy,

synest problem med muskel- og skjelettlidingar no å vere aukande. Her kjem andre plager i tillegg – som stress og at folk vert utbrent.

Arbeidstilsynet utarbeider i 2001 eit fullstendig oversyn over tilsynserfaringar med muskel- og skjelettlidingar i 1990-åra til hjelp i det førebbyggjande arbeidet i åra framover.

– støy

Talet på arbeidstakarar som jamleg blir utsette for helseskadeleg støy på arbeidsplassen, er aukande. Hørselskade førte til at støy på arbeidsplassen toppar statistikken til Arbeidstilsynet over melde arbeidsrelaterte sjukdommar. Eksposering for helseskadeleg støy kan gje store og ofte uopprettelege skadar – som nedsett høyrse og varig øyresus. Støy på arbeidsplassen kan dessutan vere ei stor psykisk belastning og føre til negativt stress med påfølgjande psykiske og psykosomatiske plager. Støy kan finnast i mange ulike typar bransjar - for eksempel i barnehagar, i utelivsbransjen og på industriarbeidsplassar. Både den samla mengda støy (ekvivalentnivå) og toppverdiar som arbeidstakarane blir eksponerte for på arbeidsplassen, er i fokus ved tilsyn.

Arbeidstilsynet ser det som viktig å utføre eit tilsyn som både omfattar konkrete vernetiltak mot eksponering for skadeleg støy og fokuserer på om verksemda arbeider systematisk for å redusere støyeksponeringa. Verne- og helsepersonalet har ei viktig oppgåve i å kartlegge støynivået i risikoutsette verksemder og å foreslå tiltak for å redusere skadefølgjene. Ved å stille krav til tiltak mot skadeleg støyeksponering ved byggesaksbehandling, har vi ein god sjanse til å førebbygge støyskadar i dei aktuelle verksemdene.

2 Arbeidstakarar skal ha trygge tilsetjingsforhold og ryddige arbeidsforhold

2.1 Reglane om arbeidstid, overtid og ferie skal etterlevast, og ved konkursar og eigarskifte skal arbeidstakarane sikrast lønn

Trygge tilsetjingsforhold er av vesentleg verdi for arbeidstakarane. Samtidig viser nasjonale studiar at «rørslene» på arbeidsmarknaden har auka. I ein toårsperiode frå 1996 til 1998 hadde om lag 1/5 av arbeidstakarane skifta firma, 1/5 skifta posisjon internt i verksemda, og om lag 1

av 10 arbeidstakarar hadde fått nye eigarar (Torvatn, «Ny praksis - 2000», SINTEF-IFIM). Eit av dei viktigaste verkemidla for å sikre trygge tilsetjingsforhold er kravet i arbeidsmiljølova om at det i alle arbeidsforhold skal liggje føre ein skriftleg arbeidsavtale. Generelt viser det seg at 15 % av alle arbeidstakarar manglar arbeidskontrakt, og innan varehandelen manglar heile 1 av 3 skriftleg avtale (SIFO-rapport 1998:3). Ved ei lovendring som tok til å gjelde den 1. januar 2000, fekk Arbeidstilsynet uttrykkeleg heimel i arbeidsmiljølova til å påleggje arbeidsgjeveren å skrive ein arbeidsavtale, noko som blir sett på som eit viktig verkemiddel for å sikre trygge tilsetjingsforhold.

Eit anna utviklingstrekk vi har sett dei siste åra, er auka bruk av innleigd arbeidskraft. Det har skjedd både gjennom auka bruk av innleige frå verksemder som har til formål å drive utleige, såkalla vikarbyrå, og innleige frå alminnelige bedrifter. Med verknad frå den 1. juli 2000 tok nye reglar om innleige av arbeidstakarar til å gjelde. For arbeidstakarar som ikkje er fast tilsette der dei faktisk utfører arbeid, må vi rekne med at desse reglane vil vere med på å styrkje vernet.

Om lag 25 % av dei sysselsette hadde i år 2000 deltidarbeid. Blant unge arbeidstakarar i aldersgruppa 16–19 år arbeidde 2 av 3 deltid inntil 19 timar i veka. Talet på heiltidsarbeidande kvinner har vist ein oppgang på to prosent samanlikna med i 1999, slik at 57 % av sysselsette kvinner i 2000 arbeidde heiltid (SSB 2000). I alt arbeidde 15 % av dei sysselsette i andre kvartal i 2000 i skift- og turnusarbeid, ein auke på ein prosent frå året før. Skift- og turnusarbeid er meir utbreidd blant deltidstilsette (19 %) enn blant heiltidstilsette (13 %).

Talet på tilsette som arbeider utanom ordinær arbeidstid, er elles på same nivå som i 1999. Ei undersøking utført av SSB viser at 21 % av alle tilsette arbeider regelmessig på laurdagar, 13 % på søndagar, 17 % på kveldstid, og 5 % hadde regelmessig nattarbeid i 2. kvartal år 2000.

Bruken av mellombels tilsetjing vart redusert i 2000, slik at ca. 178 000 var mellombels tilsette dette året, ein nedgang på ca. 14 000 frå året før. Dei sysselsette hadde eit frávær på knapt 15 % i 2000. Nesten halvparten av dette fráværet kom av ferie (SSB 2000).



2.2 Arbeidstakarar skal sikrast lønn ved konkursar og eigarskifte

Lønnsgarantiordninga skal sikre lønna til arbeidstakaren dersom arbeidsgjevaren går konkurs. Hovudmålsetjinga for saksbehandlinga er at gjennomsnittleg svartid for lønnsgarantisaker ikkje skal overstige fire veker. Utbetalingane auka i 2000 til ca. 297 mill. kroner, mot 267 mill. kroner i 1999. Dividenden auka òg, til ca. 86 mill. kroner, mot ca. 55 mill. kroner i 1999.

Talet på konkursbu med lønnsgarantisaker auka for andre år på rad i 2000. Totalt kom det inn 1495 konkursbu med lønnsgarantisøknader frå dei tilsette, ein auke på 13 % frå året før. Ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) vart i alt 8 164 sysselsette ramma av konkursar i 2000, mot 7 645 i 1999. Fordi dei færraste konkursbu har midlar til å dekkje dei uteståande lønnskrava osv. frå arbeidstakarane, vil dei fleste av dei sysselsette som blir ramma av ein konkurs, søkje om lønnsgarantidekning. Unntaket er eigar / dagleg leiar og deira nærstående, fordi dei ikkje er omfatta av lønnsgarantiordninga. Ifølgje SSB er det i hovudsak små bedrifter med låg omsetning og få sysselsette som går konkurs. Bransja-

ne med flest sysselsette som blir ramma av konkurs, er varehandel, reparasjon av køyretøy, hushaldsapparat o.l. (2 330 sysselsette), industri i alt (2 017 sysselsette), hotell- og restaurantdrift (1 174 sysselsette) og bygg og anlegg (789 sysselsette).

3 Den enkelte arbeidstakaren skal sikrast ein meningsfylt arbeids-situasjon

3.1 Organiseringa av arbeidet skal gje den enkelte arbeidstakaren sjansen til fagleg og personleg utvikling

Arbeidstilsynet ser det som ei viktig oppgåve å medverke til å hindre utstøyting frå arbeidslivet og ser førebyggjande systematisk HMS-arbeid som eit heilt sentralt verkemiddel for å motverke dei arbeidsmiljømessige årsakene til slik utstøyting. Arbeidstilsynet ønskjer å setje fokus på den organisatoriske og systematiske sida av det psykososiale arbeidsmiljøet.

For å motverke at psykososiale problem i arbeidslivet fører til sjukdom og/eller utstøyting, skal Arbeidstilsynet i tilsynsarbeidet sitt sjå til at

verksemdene oppfyller krava i arbeidsmiljølova om tilrettelegging av arbeidet (spes. § 12). Særleg fokus skal setjast på arbeidsorganisering og særleg uheldig organisering som fører til tidspress, trakassering, vald / truslar om vald og manglande styring av sin eigen situasjon. Arbeidstilsynet ønskjer i dei kommande åra å setje auka fokus på den organisatoriske og systematiske sida av det psykososiale arbeidsmiljøet.

Når det gjeld kva for nokre typar verksemdar/bransjar som er mest utsette for psykososiale arbeidsmiljøproblem med bakgrunn i tidspress, manglande sjølvstyring og vald / truslar om vald, er det laga ein analyse i samband med det prosjektet Arbeidstilsynet driv i forhold til identifikasjon av risiko i ulike bransjar (det såkalla BraRisk-prosjektet).

Det er utarbeidd ei rettleiing for verifikasjon i forhold til det arbeidet verksemdene driv med psykososialt arbeidsmiljø (§12 AML). Alle distrikt har fått opplæring i tilsynsmetode etter denne rettleiinga.

- Ved verifikasjon, med bruk av rettleiinga, vil vi sikre at verksemdene sjølve forstår korleis dei skal arbeide systematisk med det psykososiale arbeidsmiljøet
- Påverke til at arbeidet skal setjast i verk (kartlegging med handlingsplan osv.)
- Undersøkje eigenaktiviteten til verksemdene på området
- Distrikta følgjer opp behandling av enkeltsaker etter retningslinene

Det er òg gjeve opplæring i distrikta i handtering av enkeltsaker. Dette er saker som er svært ressurs- og tidkrevjande.

Med auka fokus på psykososialt arbeidsmiljø må vi forvente at det samla talet på verifikasjonar vil gå ned. Verifikasjonar med fokus på psykososialt arbeidsmiljø tek generelt lengre tid enn dei med fokus på fysiske arbeidsmiljøfaktorar. Grunnen er hovudsakleg at det tek lengre tid å avdekke psykososiale problem i ei verksemd enn for eksempel fysiske eller maskinelle problem. Arbeidstilsynet må dessutan ofte bruke meir tid på oppfølging og eventuelt tilsyn fleire gonger i same verksemd når fokus blir retta mot det psykososiale arbeidsmiljøet. For å sikre at tilsynsbesøka frå Arbeidstilsynet får ein langsiktig positiv effekt i verksemdene, er det svært viktig å fokusere på å skape innsikt og forståing hos mottakaren for dette førebyggjande arbeidet.

I den offentlege utgreiinga *NOU 2000:27 Sykefravær og uførepensjonering - Et inkluderende arbeidsliv* blir auka sjukefravær og at fleire får uførepensjon framheva som utviklingstrekk som er forventet å bli endå tydelegare i åra framover. Utvalet peikar på muskel- og skjelettlidingar og forhold knytte til det psykososiale arbeidsmiljøet som sentrale årsaksfaktorar i samband med utstøying frå arbeidslivet.

Arbeidslivet har gjennomgått ein vridning frå vareproduksjon til tenesteproduksjon som fører til at arbeidstakarar i denne typen næring har stor mellommenneskeleg interaksjon både med arbeidarene imellom og mellom medarbeidar og kunde/brukar. Den auka konkurransen i service-næringa har ført til at sikring av gode kundeforhold har vorte eit sentralt aspekt, noko som i sin tur kan føre til at arbeidstakarar opplever mindre kontroll og styringsrett over seg sjølve i det daglege arbeidet. Ein er i større grad styrt av faktorar utanfor verksemda.

Auka konkurranse fører dessutan til auka tidspress, som i sin tur kan vere med på å skape negativt stress. Arbeidstakarar i utprega serviceyrke, som i hotell-, restaurant- og utelivsbransjen, og arbeidstakarar i omsorgsyrrke har dessutan auka risiko for å bli utsette for vald og truslar om vald, og frykt for slike hendingar vil i høg grad kunne vere med å gjere arbeidskvardagen vanskeleg. Ei av utfordringane for verksemdar i dei tenesteproduserande næringane er å organisere arbeidet på ein slik måte at dei negative verknadene av tidspress, manglande styring av eigen situasjon osv. blir minimale.

Mange mellommenneskelege konflikhtar på ein arbeidsplass har dessutan sannsynlegvis eit organisatorisk dårleg tilrettelagt arbeidsmiljø som indirekte årsak. Det kan påverke forholdet mellom kollegaer og slik utløyse konflikhtar. Konflikhtar som ikkje blir løyste i ein tidleg utviklingsfase, kan ofte utvikle seg til ulike trakasseringssituasjonar. Vi veit at trakassering rammar svært mange arbeidstakarar og har til dels svært alvorlege helsekonsekvensar. Mange opplever store seinskadar mange år etter at trakasseringa har skjedd, og forskarar reknar med at så mange som 50–100 tek sitt eige liv som følgje av denne typen overgrep. Både omfanget og dei alvorlege konsekvensane tilseier at Arbeidstilsynet i større grad må bruke ressursane sine for å gjere sitt til at verksemdene blir bevisstgjorde om førebygging av trakassering og alvorlege personkonflikhtar.

3.2 Organiseringa av arbeidet skal leggje til rette for sjølvstyring og fagleg ansvar

Kvaliteten på det psykososiale arbeidsmiljøet er vanskeleg å måle. Dei nasjonale studiane fortel om ei betring av forholdet mellom leiing og tilsett og tilsette imellom. Den prosentdelen som har konflikhtar med leiinga, har gått ned med 6 prosentpoeng frå 40 til 34. Tilsvarende har den prosentdelen som har konflikhtar med andre tilsette, gått ned frå 27 til 21 prosent. Sjansen til å planleggje sitt eige arbeid har auka. Dei nasjonale undersøkingane viser eit svakt positivt bilete av utviklinga, noko som står i motstrid til ei rekke andre studiar av arbeidsmiljøet, som hevdar at det psykososiale arbeidsmiljøet har vorte dårlegare.

Utviklinga i det psykososiale arbeidsmiljøet kan i nokon grad forklarast ut frå dei endringane som skjer i måten arbeidet er organisert på. Arbeidstempoet går opp, og kundane grip sterkare og sterkare inn i organisasjonen. Dei nasjonale studiane viser auka intensitet, kompleksitet og omstilling. I 1990-åra auka den prosentdelen som arbeidde mykje med kundar, frå 52 til 67 prosent. Arbeidstempo styrt av tidsfristar auka frå 59 til 74 prosent, av kundar frå 49 til 57 prosent, mens den prosentdelen som meinte at dei arbeidde i høgt tempo, auka frå 33 til 43 prosent. Det hadde òg skjedd endringar i innhald og arbeidsmetodar. På ein toårsperiode frå 1996 til 1998 hadde 32 prosent fått nytt lønssystem, 57 prosent nye arbeidsoppgåver, 32 prosent nye arbeidstider, 49 prosent ny teknologi, 54 prosent ny leiing. Nesten halvparten, 41 prosent, hadde fått nye lokale, 22 prosent hadde skifta firma, mens 25 prosent hadde skifta posisjon internt og 11 prosent hadde fått nye eigarar. (Ref. Torvatn, Rapport «Ny praksis - 2000», SINTEF-IFIM.)

Andre studiar rapporterer det same: aukande fokus på kundar, aukande tidspress og store omstillingar.

Den auka konkurransen i servicenæringa har ført til at sikring av gode kundeforhold er har vorte eit sentralt aspekt, noko som i sin tur kan føre til at arbeidstakarar opplever mindre kontroll og sjølvstyring i det daglege arbeidet. Ein er i større grad styrt av faktorar utanfor verksemda.

3.3 Arbeidstakarane skal ha sjansen til variasjon og kontakt med andre mens dei utfører arbeidet

Arbeidslivet har gjennomgått ei vriding frå vareproduksjon til tenesteproduksjon, der risikoen for fysisk skade som følgje av kontakt med maskinelt utstyr osv. er minimal. Til gjengjeld har ein i denne typen næring stor mellommenneskeleg interaksjon både medarbeidarane imellom og mellom medarbeidar og kunde/brukar.

Ei av utfordringane for verksemdar i dei tenesteproduserande næringane er å organisere arbeidet på ein slik måte at dei negative verknadene av tidspress, manglande sjølvstyring osv. blir minimale, og dessutan arbeide systematisk med helse, miljø og tryggleik slik at ein i så stor grad som mogleg førebyggjer psykososiale problem som følgje av arbeidssituasjonen.

4 Systematisk HMS-arbeid

Store delar av norsk arbeidsliv har ein høg standard på arbeidsmiljøet. Likevel omkom 57 menneske som følgje av arbeidet i 2000, mot 58 året før. Dei mest utsette bransjane er som tidlegare jordbruk, transport og bygg og anlegg, og det er i hovudsak menn som er den utsette gruppa. 16 personar omkom innan jordbruk, 12 innan transport og 6 i bygg- og anleggsbransjen. Dødsulykkene fordeler seg slik på alder: 15 dødsulykker i aldersgruppa 20-39 år, 31 i gruppa 40-49 år og 11 i gruppa 60-80 år. 54 av dei omkomne var menn og 3 kvinner.

I 2000 vart det til Arbeidstilsynet innrapportert 3 649 sjukdomstilfelle og omkring 22 700 skadar på grunn av arbeidssituasjonen (dei reelle tala er truleg mykje høgare). Generelt reknar vi med at 250 000 menneske har varige helseplager på grunn av arbeidsmiljøet, og at belastningslidingar og høyrleskadar er særleg vanlege yrkesskadar.

Innføring av systematisk HMS-arbeid har skjedd i alle bransjar og i alle storleikssegment, men sterkast og raskast blant dei største verksemdene med meir enn 10 årsverk.



Tilsyn

Strategien til Arbeidstilsynet: Effektivt og målretta tilsyn

Gjennom å

- ◆ medverke til at verksemdene innfører og praktiserer systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid (internkontroll)
- ◆ rette innsatsen mot dei verksemdene og forholda som utgjer dei største problema
- ◆ arbeide for at lov- og regelverk for helse, miljø og tryggleik blir etterlevd, og motarbeide brot på dette lov- og regelverket



Tilsyn skal vere etaten sin hovudaktivitet i forhold til verksemdene. Målet er at flest mogleg av verksemdene skal ha eit systematisk arbeid for å vareta helse, miljø og tryggleik etter gjeldande lovar og forskrifter.

Dei politiske styresmaktene ønskjer at etaten framleis skal arbeide målretta og vidare utvikle gode tilsynsmetodar. Risikobasert tilsyn skal prioriterast.

I år 2000 skal tilsynsvolumet haldast på same nivå som dei siste åra - med hovudfokus på dei med 10 – 50 tilsette. Det skal gjennomførast kampanjar og aksjonar, både lokalt og sentralt, og i samarbeid med andre. Erfaring viser at fokus på ein spesiell bransje eller tema er eit godt verkemiddel i tilsynsarbeidet.

Det er viktig å rette merksemda mot verksemdar som har mange arbeidstakarar med fremmkulturell bakgrunn. Mange av desse har arbeid med høg risiko, dårleg opplæring og manglande kjennskap til arbeidsmiljølova.

Etaten skal vidareføre og vidareutvikle samarbeidet med dei andre tilsynsstyresmaktene.

Tilsynsverksemda

Arbeidstilsynet har valt to hovudstrategiar for tilsynet:

- ◆ Å føre tilsyn med det systematiske helse-, miljø og tryggleiksarbeidet i verksemdene. Tilsynet skjer hovudsakleg i form av verifikasjonar og revisjonar av korleis verksemdene etterlever regelverket for arbeidsmiljø.
- ◆ Den risikobaserte tilsynsaktiviteten skal aukast. Tilsynet skal primært rettast mot dei verksemdene, bransjane og yrka der arbeidsmiljøsituasjonen er dårlegast, der viljen til å gjere noko med problema er minst, og der konsekvensane for arbeidstakarane dersom ingenting blir gjort, er størst.

I 2000 har Arbeidstilsynet gjennomført 14 784 tilsynsbesøk. Av dette er 12 945* verifikasjonar, 191 revisjonar.

I tillegg kjem 1 648 tilsynsbesøk i samband med alvorlege arbeidsulykker, stansingar ved verneombodet, byggesaksbehandling og marknadskontrollar.

I 2000 er det bygg- og anleggsbransjen, varehandel og helse- og omsorgssektoren som har hatt flest tilsynsbesøk frå Arbeidstilsynet. I desse tilsynsbesøka er det lagt vekt på ulykkesfare, psykososiale og ergonomiske arbeidsmiljøproblemer. Også i hotell- og restaurantbransjen, offentleg administrasjon, undervisningssektoren, landbruk og metallindustrien er det gjennomført ei rekkje tilsynsbesøk.

** Rapporttala er tekne ut av verksemdsregisteret til etaten ved utgangen av året. Det kan finnast enkelte aktivitetar som er forsinka registrert i systemet.*

Arbeidet med å vidareutvikle tilsynet har vorte vidareført i 2000. Hovudvekta er lagd på meir målretta val av verksemdar som skal få tilsyn, og på kvalitetsforbetring av planlegginga, gjennomføringa og oppfølginga av tilsynet. For etaten er arbeidet for kvalitet og betre resultat i tilsynet like viktig som dei årlege tilsynsvoluma og aktivitetensmåla.

Tilsynsutviklinga i 2000 har særleg bestått av følgjande:

- ◆ Det er i eit eige prosjekt utvikla eit system for risikobasert tilsyn for Arbeidstilsynet. Dette omfattar opplegg for å vurdere risikobiletet i ulike næringar og bransjar i forhold ergonomiske, psykososiale, fysiske, kjemiske og biologiske arbeidsmiljøfaktorar, og dessutan for ulykkesfare. Med utgangspunkt i slike risikovurderingar skal etaten velje dei mest risikoutsette bransjane og arbeidsplassane for samordna og systematisk innsats dei kommande åra. Systemet for risikobasert tilsyn blir gjennomført i 2001, bl.a. integrert med revisjonen av den strategiske planen for etaten.
- ◆ Større vekt på tilsynsmetodar overfor små- og mellomstore verksemdar og da særleg med sikte på å kunne formidle kravet til systematisk HMS-arbeid på ein meir konkret og enkel måte.
- ◆ Det er utvikla nye retningslinjer for ulykkesgransking og samarbeidet mellom etaten og politiet i slike saker.
- ◆ Arbeidet for ein meir einskapleg og effektiv reaksjonsbruk er vidareført, bl.a. ved at alle gjevne pålegg skal følgjast opp slik at det blir reagert med tvangsmulkt der det viser seg nødvendig.
- ◆ Ca. 10 % av pålegga blir sjekka i ettertid gjennom stikkprøvar for å sjå om dei er følgde opp i praksis.
- ◆ Det er utvikla retningslinjer og rettleiingar for etaten sitt arbeid med psykososiale saker, og medarbeidarane i etaten har fått opplæring.
- ◆ Det er gjennomført kompetansetiltak innan tilsyn i form av grunnopplæring for nyttilsette, tilbod for erfarne inspektørar, tilsynsleiar-samling osv. I tillegg gjennomfører etaten «speglingsprosjekt» der to og to inspektørar er ute på tilsyn samtidig for gjensidig rettleiing.
- ◆ Forbetra registrering og dokumentasjon av tilsynet gjennom vidareutvikling av det nye verksemdsregisteret.

Arbeidstilsynet har gjennom fleire år arbeidd for å auke talet på tilsynsbesøk i verksemdene. Dei siste åra har vi erfart at dette ikkje er lett å gjennomføre dersom ein samtidig skal sikre den nødvendige kvaliteten i tilsynet. For etaten er det like viktig å sikre at tilsynet gjev effekt som å halde eit bestemt årleg tilsyns- og aktivitetensvolum. For 2000 var ambisjonen å vidareføre til-

Tal på tilsyn og reaksjonar

	1999	2000
Tilsyn totalt	14 522	14 784
Verifikasjon	12 984	12 945
Revisjon	155	191
Varsel om pålegg	9 142	9 276
Varsel om tvangsmulkt	672	741
Innkravd tvangsmulkt	33	12
Stansing av arbeidet	320	426
Politimeldingar	13	19

synsvolumet frå 1999. Som oversikta viser, har talet på årsverk brukt på tilsyn, gått opp, medan talet på tilsynsbesøk har gått litt ned. Ei viktig årsak er truleg at krava til eit einskapleg og meir treffsikkert tilsyn fører til litt høgare tidsbruk pr. tilsyn. I det ligg bl.a. auka krav til planlegging og gjennomføring av tilsynet, systematisk oppfølging av gjevne reaksjonar, fokus både på dei viktige risikofaktorane og systematisk HMS-arbeid i dei enkelte verksemdene, det høge talet på små- og mellomstore verksemdar, og det i seg sjølv å fokusere på dei mest risikoutsette verksemdene.

Sentrale kampanjar

Kampanje i politi- og lensmannsetaten

Målgruppe i kampanjen var alle som arbeider i politi- og lensmannsetaten. Kampanjen vart starta i 1998, og det fremste målet var at politiet skulle bli betre i stand til å løyse sine eigne arbeidsmiljøproblem.

I 2000 vart 2. fase i kampanjen avslutta, og det var da gjennomført tilsyn ved alle politistasjonar, lensmannskontor, UP-einingar og nokre politiavdelingar i større byar – til saman 486 einingar. Det vart varsla pålegg i 218 einingar, og 130 pålegg vart gjevne.

I tredje fase, som gjekk frå 1. februar 2000 og ut juni 2000, vart det på ny ført tilsyn med alle 54 politidistrikt og særorgan for å kontrollere framdrifta i helse-, miljø og tryggleiksarbeidet. Det vart denne gongen gjeve 14 pålegg. Dei fleste pålegga vart gjevne på mangelfullt systematisk arbeid i forhold til helse, miljø og tryggleik. Fleire pålegg vart gjevne på manglande bruk av verne- og helsepersonell (VHP). Fjerde fase, som begynte 1. juli 2000, er ein oppfølgings- og evalueringsfase.

Kampanjemateriell vart utvikla som ei støtte i arbeidet med informasjon og tilsyn. Aktivitetar i 2000 førte til presseoppslag både i riksaviser og i lokale aviser, og dessutan i fagblad og sendingar på radio og TV.

Kampanje i bygg- og anleggsbransjen

Kampanjen vart starta hausten 1999 og er delt inn i fem fasar. Han blir avslutta i 2001. Målgruppene er bygherrar, prosjektleiarar og verksemdar.

Kampanjen fokuserer på organiseringa av HMS-arbeidet innanfor bygg- og anleggsprosjekt. I det ligg både ansvaret til byggherren etter byggherreforskrifta og ansvaret til den enkelte verksemda som arbeidsgjevar.

Systematisk HMS-arbeid og kontroll med risikofaktorar er område kampanjen òg legg vekt på.

I fase 2 av kampanjen (3. november - 1. april 2000) vart det gjennomført mange informa-

sjonsmøte med byggherrar, prosjektleiarar og verksemdar. Ein la særleg vekt på å nå offentlege byggherrar som kommunar og fylkeskommunar. Alle fylkeskommunar og 227 kommunar vart besøkte. 212 kommunar fekk informasjonsbrev. Formålet var å fokusere på det ansvaret byggherren har for HMS i byggje- og anleggsprosjekt.

I fase 3 av kampanjen (30. april 2000 - 1. mai 2001) vart det gjennomført tilsyn. Det vart særleg lagt vekt på oppfølging av bygg- og anleggsplassar med offentlege byggherrar som kommunar eller fylkeskommunar.

I september vart det gjennomført ein 3-dagars kontrollaksjon over heile landet. 284 byggjeplassar vart besøkte, og heile 571 verksemdar vart kontrollerte. På 67 % av alle byggjeplassane vart det funne feil eller manglar som resulterte i pålegg eller stans. I alt 415 påleggspunkt vart gjevne, av dei 87 stans.

Aksjonen førte til brei omtale i alle media, både lokalt og sentralt.

Kampanje i nærings- og nytingsmiddelindustrien

År 2000 har vore planleggingsfase for kampanjen som startar opp i april 2001.

Målgruppa for kampanjen er verksemdar i nærings- og nytingsmiddelindustrien (næringsgruppe 15 og 16).

Tema for kampanjen er ergonomi, skadar og ulykker, bruken av verne- og helsepersonale og dessutan støy.

Det er òg gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking i næringsmiddelindustrien i regi av SINTEF. Denne undersøkinga gjev mykje bakgrunnsinformasjon til kampanjen.

Sentrale aksjonar

Europeisk veke

I oktober arrangerte EU ei europeiske veke, European week 2000, med fokus på muskel- og skjelettlidingar i små og mellomstore verksemdar.

EFTA-landa var inviterte til å delta. Bidraget frå Noreg var å gjennomføre ein ny aksjon retta mot alders- og sjukeheimar, dvs. ei gjentakning av den aksjonen som vart gjennomført i 1998. Det var heilt i tråd med intensjonane i den europeiske veka med målretta innsats mot forhold på arbeidsplassen som skaper muskel- og skjelettlidingar. I Noreg er belastningslidingar den viktigaste årsaka til sjukefråvær og ei av dei viktigaste årsakene til uføretrygding.

Etaten brukte òg denne sjansen til å sjekke ut effekten av tidlegare innsats.

Det var tydeleg at institusjonane hadde gjort ein god innsats og følgd opp pålegg som vart gjevne ved den førre aksjonen vår. Langt færre fekk varsel om pålegg denne gongen. Framleis er det uløyste problem og oppgaver i forhold til både

opplæring og organisering av arbeidet, men utviklinga går i rett retning.

Personleg verneutstyr (PVU)

Saman med dei andre nordiske landa gjennomførte vi i mai ein to-dagars aksjon retta mot omsetningskjeda av PVU, da spesielt retta mot detaljistane.

Resultat

Medieopplaga framstilte aksjonen som vellykka, men med nedslåande resultat - med tanke på alle manglane ved bruksrettleiing og CE-merking.

Til saman vart det kontrollert 1 379 (2 727*) produkt på til saman 212 (393) ulike utsalsstader. Noreg var det landet som fekk kontrollert flest verksemdar og produkt.

Kontrollen viser at 9,4 % (9,3 %) av produkta har manglande CE-merking, mens kontrollen av bruksrettleiingar på språket i landet viste at heile 40 % (48,3 %) var mangelfulle.

Resultata for Noreg vikk ikkje så mykje av frå dei andre landa.

Aksjonen viste at den norske marknaden for personleg verneutstyr består av mange leverandørar av dei ulike produkttypene og mange ulike utsalsstader.

**) Tala i parentes gjeld alle dei nordiske landa til saman.*

Kjemiaksjonen

I samarbeid med Produktregisteret (PR) gjennomførte Arbeidstilsynet i november ein aksjonsdag retta mot verkstadindustrien. Aksjonen førte til at Direktoratet tok imot 110 meldingar om manglar ved merkeetikettar og HMS-datablad. I tillegg vart det rapportert at ca. 930 produkt ikkje var registrerte i PR. Desse manglane som aksjonen avdekte, førte til ei oppfølging frå Arbeidstilsynet som held fram inn i 2001.

Lokale innsatsområde

I tillegg til sentrale kampanjar og aksjonar gjennomførte distrikta lokale tiltak. Nokre distrikt fekk ei eiga tildeling for å utføre prosjekt som ei slutføring av «Styrkt innsats». Det har bl.a. vore gjennomført tilsynsforma «Raid». Med det meiner vi ei tilsynsform der fleire bedrifter i eit avgrensa område får besøk på same tid.

1. distrikt

- ◆ BRA-prosjektet (bransjerisiko)
- ◆ Oslofjordsambandet
- ◆ Nye Fornebu
- ◆ Undervisning i vidaregåande skolar
- ◆ Overflatebehandla metall

2. distrikt

- ◆ Prosjekt byggherre; AT/BNL/LO
- ◆ Handel
- ◆ Data
- ◆ Restaurantar/kaféar
- ◆ Arbeidsmarknadsbedrifter
- ◆ El-installasjonar
- ◆ Bank og finans
- ◆ Forretningsmessig tenesteyting
- ◆ Sjukehus i sentrum
- ◆ Store statlege etatar med vedvarande arbeidspress
- ◆ IK i private skolar
- ◆ Innvandrarar i store offentlege verksemder
- ◆ Kjemisk/biologisk helsefare
- ◆ Koordinering av arbeidet mot Oslo kommune

3. distrikt

- ◆ VHP-IK-aksjon
- ◆ Landbruk

4. distrikt

- ◆ Landbruk
- ◆ Oslofjordsambandet
- ◆ Førebyggje utstøyting frå arbeidslivet
- ◆ Regional samordning av tilsyn i tre kommunar
- ◆ Flyktningar og asylmottak (regionalt samarbeidsprosjekt)
- ◆ Stikkprøvekontroll av lukka pålegg (oppfølging av tidlegare tilsyn)
- ◆ Oppfølging av yrkesrelaterte muskel- og skjelettsjukdommar i Ringerike-Hallingdalsregionen
- ◆ Renovasjon og avfallsplassar

Styrkt innsats:

- ◆ Rapport om Raid I
- ◆ Raid 2; inn klima i restaurantar

5. distrikt

- ◆ Allergi
- ◆ Bank og forsikring
- ◆ Satsing i sommarmånadene ift. tilsetjingsforhold

Styrkt innsats:

- ◆ Eigenimport av kjemikaliar
- ◆ Haldningsskapande arbeid blant elevar i vidaregåande skolar med yrkesfagleg studieretning

6. distrikt

- ◆ GUP (Glasfiberarmert umetta polyester)
- ◆ Avfallshandtering/renovasjon
- ◆ OAM ved institusjonar/asylmottak
- ◆ Varehandel/arbeidskontraktar

7. distrikt

- ◆ Oppfølging av VHP i verksemder som er pålagt dette

- ◆ Oppfølging av transportbransjen
- ◆ Kyrkjer/kyrkjelydar
- ◆ Arbeidsmedisinsk innsats
- ◆ Etikksertifikat
- ◆ Arbeid i barnevernsinstitusjonar

8. distrikt

- ◆ Havbruk

9. distrikt

- ◆ Allergi/overfølsemd
- ◆ Vald/truslar om vald
- ◆ Ergonomi (Posten)
- ◆ Oppfølging av tidlegare tilsyn
- ◆ Havbruk
- ◆ Kommunane (informasjon om asbest)
- ◆ Arbeidsrelatert sjukdom - oppfølging
- ◆ Heimebasert omsorg

10. distrikt

- ◆ VHP-IK-aksjon (bruk av VHP)
- ◆ Kommunane - PU-teneste
- ◆ Regionalt IK-prosjekt
- ◆ RIT 2000 (Regionsjukehuset)
- ◆ Bergverk/massetak

11. distrikt

- ◆ Helse og psykiatri
- ◆ Vogntog og buss
- ◆ Småbutikkar/bensinstasjonar/kiosk
- ◆ Oppfølging av kampanjane i fjor
- ◆ Maskiner
- ◆ Undervisning
- ◆ Drosjenæringa
- ◆ Avløp og renovasjon
- ◆ El-produksjon
- ◆ HMS Pluss

12. distrikt

- ◆ Forsvaret
- ◆ Psykososialt arbeidsmiljø
- ◆ Ulykkesutsette verksemder
- ◆ Yrkessjukdomsmeldingar
- ◆ Heimetenesta
- ◆ Tannhelsepersonell

Styrkt innsats:

- ◆ Havbruk

13. distrikt

- ◆ Produksjon av trevarer
- ◆ Landbruk
- ◆ Psykososialt arbeidsmiljø i storindustrien
- ◆ Offentleg sektor
- ◆ Infokampanje - byggjesaksgebyr
- ◆ Reinhald
- ◆ Maskinforskrifta
- ◆ Hotell/restaurant
- ◆ Kjemi
- ◆ Avfall



Bransje	Tilsyn	Tilsyn i %
45 Bygg, anlegg	3297	23
50-52 Varehandel	2638	18
85 Helse og sos.	1631	11
75 Off. forvaltn.	943	6
55 Hotell, restau.	866	6
70-74 Eigedom	764	5
1-2 Jord, skog	627	4
60-64 Transport	614	4
27-28 Metall	436	3
80 Undervisning	421	3
Sum 10 på topp		77 %
Andre		23 %
Sum		100%

Anna verksemdstilsyn

47% av tilsynsressursane vart brukte til anna verksemdstilsyn. Det er dei same kriteria som gjeld for prioriteringa av tilsynsinnsatsen innanfor denne kategorien som for tilsynsinnsatsen samla; innsatsen er risikobasert, og det er små og mellomstore verksemdar som blir prioriterte. Tabellen viser korleis den samla tilsynsverksemda er fordelt på dei 10 mest besøkte bransjane.

Tilsynsbesøka har resultert i betringstiltak hovudsakleg knytte opp mot prioriterte tema for den enkelte bransjen, systematisk HMS-arbeid eller bruk av verne- og helsepersonale.

Marknadskontroll

Marknadskontroll/marknadsovervaking er ei viktig tilsynsform for å sikre at produkta som er i marknaden, er fullt forsvarlege å bruke, og at

dei som sel i marknaden, har like konkurranseforhold. Alle landa som er omfatta av EØS-avtalen, er pliktige til å ha slik kontroll.

Marknadskontrollen for maskiner og personleg verneutstyr (PVU) blir utført av distrikta og er innarbeidd i den vanlege tilsynsverksemda. Distrikta skal gjennom revisjon av internkontrollen i bedrifta, verifikasjonar og ved etterforskning av alvorlege skadar og dødsulykker vere merksame på feil og manglar ved produkt som ikkje oppfyller produktregelverket. Desse manglane blir rapporterte til direktoratet, som så fører sakene vidare. Det vart rapportert inn ni saker i år 2000. Det fleste rapportane omfatta tryggleiksmanglar som produsenten retta opp straks, slik at det ikkje vart gjeve pålegg. Ingen saker vart rapporterte vidare til ESA. Direktoratet deltek òg i dei administrative samarbeidsgruppene (ADCO-gruppene) for maskiner og personleg verneutstyr.

Arbeid med verne- og helsepersonale

Verne- og helsepersonale (VHP) er eit godt arbeidsmiljøtiltak når dei blir brukte etter intensjonen, men potensialet er ikkje godt nok utnytta. Etaten arbeider framleis med at alle verksemdar som er pliktige til det, skal knyte til seg verne- og helsepersonale.

Det er utarbeidd retningslinjer for korleis distrikta skal arbeide med å sikre at verksemdene bruker verne- og helsepersonalet sitt effektivt til å førebyggje arbeidsrelaterte helseskadar. Det er lagt vekt på at tilsynspersonalet skal rettleie verksemdene i å auke bestillarkompetansen sin i forhold til bruk av VHP, slik at samarbeidet blir best mogleg. Arbeidet med å ta dette i bruk i tilsynspraksisen i distrikta blir vidareført i 2001. Verne- og helsepersonale skal vere tema ved alle tilsyn.

Kommunal- og regionaldepartementet oppretta «Arbeidsgruppe for vurdering av den vidare utviklinga av bedriftshelsetenesta». Arbeidstilsynet deltek i gruppa og har sekretærfunksjon.

Bedriftsintern attføring

Etaten har utvikla internt rettleingsmateriell for inspiseringe personell om temaet bedriftsintern attføring. Tilsynspersonalet skal kjenne til og rettleie verksemdene om korleis dei kan samordne og fordele ansvaret i forhold til krav og støtte frå offentlege styresmakter, og informere om den plikta arbeidsgjevaren har til å leggje til rette arbeidet etter dei føresetnadene som den enkelte har, inkludert tilrettelegging for arbeidstakarar som blir yrkeshemma.

Målet er at denne kompetansehevinga i etaten skal gje tilsyn som medverkar til at verksemdene har system som sikrar bedriftsintern attføring og tilrettelegging for yrkeshemma arbeidstakarar. Dette tiltaket skal vere med på å motverke ein aukande tendens til utstøyting frå arbeidslivet.

Kjemisk helsefare

– tilsyn retta mot produsentar og importørar av kjemikaliar

Omtrent 120 saker om manglar ved merkeetikett, HMS-datablad og deklarerer til Produktregisteret vart avslutta i år 2000. Cirka 50 saker er oppfølging av kjemiaksjonen i bygg- og anleggsbransjen i fjor. Meldingane er av ulik karakter, men som eksempel kan vi nemne etseskadar frå ensileringsmiddel i landbruket, allergiframkallande kjemikaliar i tannhelsetenesta, isocyanathaldig fugeskum og golvbelegg og løysemiddel-haldige lakkar og bilpleieprodukt. 3 firma er **melde til politiet** i samarbeid med Økokrim (isocyanat og løysemiddel), og 5 saker har ført til **varsel/vedtak om tvangsmulkt** (isocyanat og løysemiddel).

Arbeidstilsynet har teke initiativ til samarbeidsmøte med Statens forureiningstilsyn, Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern, Oljedirektoratet (OD) og Landbrukstilsynet for å effektivisere tilsynet med HMS-datablad og merkeetikettar, og det blir no jamleg halde møte mellom etatane.

– arbeid overfor arbeidsgjevaren

Arbeidstilsynet har fullført revisjonen av administrative normer for 20 stoff etter dei fastsette nye rutinane. I den samanhengen har det vore spesielt behov for å stå til teneste for publikum, ved både å svare på spørsmål og å halde foredrag.

Direktoratet har hatt møte med nordiske styresmakter om isocyanat og har i samarbeid med distrikta, Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI), OD og PR utarbeidd ein handlingsplan for arbeid med isocyanat for å redusere risikoen for allergi og overfølsemd.

– støtte til distrikta

Direktoratet har i samarbeid med 3. distrikt halde faggruppemøte for yrkeshygienikarane i etaten. STAMI var representert på møtet. Tema på møtet var bl.a. betre gjensidig utnytting av samarbeid mellom STAMI og Arbeidstilsynet, mekanismar for utvikling av kreft, handtering og oppfølging av melde yrkessjukdommar, aksjonsdagen og isocyanat.

Internasjonalt arbeid

Direktoratet har utarbeidd eit strategidokument til departementet i samband med EØS-forhandlingar om kreft og løysemiddel og har delteke på EFTA-møte med kommisjonen. Temaet var reforhandlingar av EØS-avtalen på kjemiområdet.

Byggjesaksbehandling

Byggjesaker 2000

Forskrift om gebyr for byggjesaksbehandling etter §19 i arbeidsmiljølova vart vedteken 18.12.1998. Direktoratet fastsette i januar 1999 interne retningslinjer for innkrevjing av gebyr på byggjesaksbehandling.

Distrikta gjennomfører rutinemessig innkrevjing etter desse retningslinjene. Arbeidsordninga fungerer bra etter to års drift. Talet på byggjesaker var 5 343 i 2000, ein auke på 284 samanlikna med 1999, mens talet på vekeverk brukt på byggjesaksbehandling er redusert frå 803 i 1999 til 760 i 2000.

Forventa inntekter var rekna til 10,2 mill. kroner. Rekneskapen viste pr. 31.12.2000 kr 13 451 000, -. Det gav meirinntekter på kr 3 451 000, -.

Distrikt	Talet på byggjesaker
1. distrikt	599
2. distrikt	448
3. distrikt	522
4. distrikt	315
Vestfold	471
6. distrikt	349
7. distrikt	364
8. distrikt	481
9. distrikt	418
10. distrikt	479
11. distrikt	324
12. distrikt	186
Telemark	387
Totalt	5343

Regelverk

Strategien til Arbeidstilsynet: Arbeide for høvelege lover, reglar og andre rammevilkår for arbeidsmiljøet

Gjennom å

- ◆ utvikle eit enkelt, høveleg og effektivt lov- og regelverk
- ◆ arbeide for at regelverket blir tilpassa behovet til dei små- og mellomstore verksemdene

Politiske føringar for regelverket

Arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrifter dannar grunnlaget for Arbeidstilsynets kontroll med arbeidslivet og legg premissane for tilsyn og handheving. Etaten skal kontinuerleg utvikle regelverket og vurdere om det fungerer i tråd med intensjonane.

Frå Kommunal- og regionaldepartementet si side er det gjeve føringar på at det skal leggjast til rette for at verksemdene kan følgje krava frå styresmaktene på ein høveleg måte. Etaten skal utvikle eit effektivt og høveleg regelverk som er tilpassa utviklinga i arbeidslivet og internasjonale forpliktingar. Regelverket skal vere tilpassa så vel behovet for å sikre rettane til arbeidstakarane og behovet deira for vern, som den teknologiske og internasjonale utviklinga.

Etaten skal òg samarbeide med dei andre etatane på HMS-området om tiltak for å samordne og forenkla regelverket på området. Det er føresett at Arbeidstilsynet gjennomfører eit arbeid med forenkling og modernisering av regelverket.

Regelverksutvikling

Direktoratet har sett i verk eit prosjekt for å utvikle regelverket knytt til arbeidsmiljølova. Prosjektet konsentrerer seg om forhold som er regulerte i arbeidsmiljølova gjennom reglar om tryggleiken og helsa til arbeidstakarane. Arbeidstidsreglar, kontraktvern, lønnsutbetalingar o.l. er haldne utanfor.

Målet med prosjektet er å få eit regelverk som på ein mest mogleg høveleg måte støttar opp under målsetjingane i arbeidsmiljølova og om dei lokale HMS-arbeidet i verksemda. Med dette som utgangspunkt skal etaten hjelpe til med å forenkla og modernisere forskriftsverket slik at det blir meir effektivt, enkelt, konsistent, og slik at det er tilgjengeleg, lett å handtere og føreseieleg.

Samanhengane mellom arbeidsmiljølova og HMS-forskrifta som verktøy for å etterleve krava i lova er grunnleggjande premissar for prosjek-

tet. Det er eit mål at krava i lova - i størst mogleg grad - blir tekne vare på gjennom dei krava HMS-forskrifta stiller til kartlegging, risikovurdering og tiltak som førebyggjer uønskte hendingar og forhold. I dei tilfella der dette ikkje er tilstrekkeleg, er det nødvendig med fleire forskrifter. I vurderinga av kva slags framtidig regelverk som er høveleg, må det òg bli teke omsyn til at EØS-avtalen forpliktar Noreg til å gjennomføre EF-direktiv.

Prosjektet skal gjennomførast i tre fasar:

Fase 1: Grundig gjennomgang av reguleringsbehov og gjeldande regelverk.

Fase 2: Ei samla vurdering av dei forholda som er utgreidde og klarlagde i fase 1, og avgjerd om korleis dei vidare arbeida skal rettast inn og strukturerast.

Fase 3: Konkret arbeid med å utarbeide dei for-

skriftene som er bestemte i fase 2. Prosjektet blir drive i nært samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet, og det er etablert ei referansegruppe med dei aktuelle interessegruppene. Tidsramma for fase 1 av prosjektet er sett til 1. april 2001.

Anna regelverksarbeid

Prosjektet for regelverksutvikling har hatt høg prioritet. Omfanget av arbeid med enkeltforskrifter har derfor i nokon grad måtta prioritert ned. Desse oppgåvene er utelatne eller utsette til 2001:

- ◆ Det vart bestemt at det ikkje skulle utarbeidast ei eiga kvartsforskrift, men at spesielle forhold skulle takast med i ei ny kjemikalieforskrift. Ei rettleiing om kvarts vil bli vurdert.
- ◆ Ei rettleiing om lagring av brannfarlege stoff vil ikkje bli utarbeidd av direktoratet, men i regi av Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern.
- ◆ Revisjonen av byggherreforskrifta blir utsett.
- ◆ Ei ny forskrift om bruk av utstyr i eksplosjonsfarleg område blir utsett.

I 2000 har styret behandla desse forskriftene:

- ◆ Ei ny forskrift om oppbygging og bruk av stoffkartotek for helsefarlege stoff i verksemdar (stoffkartotekforskrifta).
- ◆ Endring i forskrift om arbeid med kreftframkallande stoff.
- ◆ Endring i forskrift om maskiner - forslaget oversendt KRD for fastsetjing.
- ◆ Endring i forskrift om bruk av maskiner.

Prosjektet for utvikling av regelverket har vore lagt fram for styret, og styret har komme med synspunkt på prosjektet. Styret har òg behandla revisjonen av administrative normer.

Samordning av tilsynsreglane i åtte lover på helse-, miljø-, og tryggleiksområdet

Direktørgruppa fastsette i november 1996 eit felles strategidokument for auka samarbeid mellom tilsynsetatane. Strategidokumentet førte fram til fleire konkrete prosjekt. Blant dei var eit prosjekt om å samordne kontroll- og reaksjonsreglane i åtte lover på helse-, miljø- og tryggleiksområdet, dvs. arbeidsmiljølova, el.-tilsynslova, sivilforsvarslova, brannfarleglova, eksplosivlova, brannvernlova, produktkontrolllova og forureiningslova.

Utgreinga frå direktørgruppa vart framlagd for Kommunal- og regionaldepartementet i 1998 og vart etter samarbeid mellom KRD, Justisdepartementet, Miljøverndepartementet og Barne- og familiedepartementet fremja som lovforslag for Stortinget sommaren 2000. Stortinget

behandla forslaget i haustsesjonen og vedtok lovendringane. Desse gjeld frå 1. januar 2001.

Hovudmålet og grunngevinga bak lovrevisjonen har vore å få til eit mest mogleg samordna og konsistent regelverk for å utøve tilsyn på tvers av dei ulike etatane. Lovendringane søker i størst mogleg grad å sikre tilsynsetatane like heimlar for kontroll og reaksjon. At lovene gjev heimel for dei same reaksjonane, er viktig sett frå tilsynsobjekta si side, ved at dei i større grad opplever ein samordna og føreseieleg reaksjon frå tilsynsstyresmaktene. Såleis legg forslaga til rette for ein einsarta praksis på tvers av dei ulike etatsgrensene.

Det er dessutan søkt å oppnå mest mogleg identisk ordlyd. Det blir sett på som ei viktig forenkling for både tilsynsetatane og tilsynsobjekta at regelverket har eins ordlyd der det materielle innhaldet i reglane er likt. Det har likevel ikkje vore sett på som formålstenleg med full språkleg harmonisering på grunn av eigenarten til lovene. Lovene er vedtekne for å sikre spesifikke samfunnsomsyn. Ei for rigid samordning av ordlyden i lovene kunne derfor gjere dei for upresise i forhold til formålet deira.

Gjennomgangen av lovene viste at det var behov for å gjere endringar i ei eller fleire av dei, knytt opp til 12 ulike forhold:

- ◆ Retten tilsynsetatane har til å få tilgang til verksemda og kontrollobjektet
- ◆ Retten og plikta for kontrollobjektet eller leiinga av verksemda til å vere til stades
- ◆ Retten tilsynsetatane har til å krevje opplysningar frå kontrollobjektet
- ◆ Retten tilsynsetatane har til å innhente prøver og liknande
- ◆ Plikta tilsynsetatane har til å gje rapport til verksemda eller kontrollobjektet
- ◆ Retten tilsynsetatane har til å krevje opplysningar frå andre offentlege styresmakter
- ◆ Enkeltvedtak om korrigerande tiltak
- ◆ Enkeltvedtak om tvangsmulkt
- ◆ Enkeltvedtak som gjev tilsynsstyresmaktene rett til sjølve å utføre eller få utført korrigerande tiltak
- ◆ Enkeltvedtak om stansing
- ◆ Enkeltvedtak om tilbakekalling av produkt
- ◆ Straff

Standardiseringsarbeid

Arbeidstilsynet har delteke aktivt i det europeiske standardiseringsarbeidet som blir drive av CEN (Comité Européenne de Normalisation). Arbeidet har vore konsentrert om generell maskintryggleik, jord- og skogbruksmaskiner, stigar, stillas og ergonomi. Omfanget av arbeidet har vore litt mindre dette året enn tidlegare. Arbeidstilsynet har delteke i norske standardiseringskomitear som fungerer som referansegrupper til CEN-arbeidet.

Effektivisering av forvaltninga

Strategien til Arbeidstilsynet: Kontinuerleg utvikle etaten som forvaltningsorgan og som informasjons- og rettleiingsteneste

Gjennom å

- ◆ raskt gjere om politiske retningslinjer og vedtak til god forvaltning
- ◆ utvikle informasjons- og rettleiingstenesta
- ◆ følgje med på utviklinga innan teknologi og informasjonssystem

Politiske føringar for effektivisering av forvaltninga

Arbeidstilsynet skal vidareutvikle verktøy for informasjon og rettleiing overfor arbeidslivet om regelverk og rammevilkår. Det er eit stort betringspotensial på HMS-området blant dei små- og mellomstore verksemdene. Derfor skal det prioriterast informasjon og rettleiing til denne gruppa.

Regjeringa har som mål at statlege etatar skal ha laga serviceerklæringar innan utgangen av år 2000. Arbeidstilsynet skal utarbeide serviceerklæringar i tråd med intensjonane frå regjeringa. Verksemdene skal vite kva dei kan forvente av tilsyn, tenester og annan bistand. I samband med ei ny regulering i arbeidsmiljølova om innleige av arbeidskraft vil Arbeidstilsynet få ei auka arbeidsbyrde. Etaten må leggje forholda til rette for å kunne gje informasjon og rettleiing i samsvar med forvaltningplikta på dette nye rettsområdet. Ressursar må òg setjast av for å gje informasjon og rettleiing i samband med nye reglar om utdanningspermisjon.

Sentrale juridiske oppgåver

Etaten forvaltar bl.a. arbeidsmiljølova, ferielova og permitteringslova. I tillegg blir òg spørsmål knytte til forvaltningslova, offentleglova og tenestemannslova vurderte.

Dei juridiske funksjonane er grunnlaget for all verksemd i etaten. Hovuddelen av ressursane til etaten på det juridiske området er bunden til utoverretta verksemd, gjennom behandling av enkeltsaker og spørsmål. Brukarane er arbeidsgjevarar, arbeidstakarar, organisasjonar og advokatar.

Arbeidstilsynet har dei seinare åra merka ei endring av arbeidsoppgåvene, frå hovudsakleg å drive med saksbehandling til i aukande grad å drive rådgjeving og kvalitetssikring på det juridiske området. Det har resultert i at direktoratet i større grad deltek i møte med interne og eksterne brukarar. På bakgrunn av dreininga i ar-

beidsoppgåver har det vore nødvendig å overføre størstedelen av vanleg saksbehandling frå direktoratet til distrikta, slik at direktoratet vesentleg tek seg av prinsipp saker og klagesaker.

Innleige av arbeidskraft

I samband med revidert statsbudsjett i juni 2000 vart det bestemt at dei nye reglane om arbeidsleige skulle ta til å gjelde 01.07.2000. Reglane vart overførte frå trygdellovgjevinga til arbeidsmiljølova, slik at forvaltningsansvaret for reglane vart overført frå Aetat til Arbeidstilsynet. Etaten fekk overført ein del midlar i samband med dette.

Dødsulykker

Arbeidsmiljølova pålegg arbeidsgjevaren straks å varsle Arbeidstilsynet og politiet om ei arbeidsulykke som har ført til død eller alvorleg person-

skade. Eit rundskriv frå riksadvokaten om politiet si behandling av arbeidsmiljø saker slår fast at Arbeidstilsynet skal gje tilråding om eventuell straffeforfølgning før politi/påtalestyresmakt fattar påtalevedtak i saka.

Ved personskadeulykker er det distrikta som gjev slik tilråding, men direktoratet står for tilrådinga ved dødsulykker. Direktoratet behandla 40 slike saker i 2000. I 23 av dei, rådde direktoratet til at forholdet burde føre til straffeforfølgning for brot på arbeidsmiljølova.

I dei seinare åra har vi sett ein auke i bøtenivået for brot på reglane i arbeidsmiljølova. I 2000 fekk entreprenørfirmaet som var ansvarleg for arbeida i Bragernestunnelen i Drammen, ei bot på 3 mill. kroner etter eksplosjonsulykka i 1999. Det har i dei seinare åra vore ein tendens til at også andre reaksjonsformer blir tekne i bruk, og vi har fått dommar der arbeidsgjevaren får fengselsstraff. Med unntak av ei heradsretts sak har det vore brukt fengselsstraffer på vilkår. Men i ei av sakene som var oppe for Lagmannsretten hausten 2000 og der arbeidsgjevaren fekk fengsel på vilkår og bot for alvorlege brot på tryggleiksreglane i arbeidsmiljølova, vart straffa i den etterfølgjande behandlinga i Høgsterett

	1999	2000
Dødsulykker:	39	40
Arbeidsulykker (skadar, ikkje død)	7	0
Klagesaker <i>fordelt slik:</i>	47	75
Arbeidsmiljø	38	52
Arbeidstid (inkl. § 46 A-saker)	18	23
Tidskonto	1	0
Arbeidstidsdispensasjonar <i>fordelt slik:</i>	46	19
Overtid	7	8
Andre dispensasjonar	38	11
Regelverksfortolking <i>fordelt slik:</i>	93	154
Arbeidstid	49	54
Ferie	21	9
Kontraktvern	23	16
Anna	-	73*
Høyringar	8	5
Søknader om ettergjeving av tvangsmulkt	27	29
Fråsegn i skjønnsvederlagssaker	4	2
* Talet gjeld bl.a. saker som omhandlar fortolkingar av forvaltningslova, offentleglova og permitteringslova.		

Tabellen viser kor mange politisaker, klagesaker og arbeidstidssaker som er behandla i direktoratet.

skjerpa til fengsel utan vilkår i 60 dagar. Dommen vil vere prinsipiell for kva som kan vere særleg skjerpande omstende, og for straffeutmåling.

Informasjon og samfunnskontakt

Direktoratet samarbeider med mange inspektører, fagmedarbeidarar og førstelinetenester som har omfattande oppgåver på informasjonsområdet, gjennom kontakt med media og publikum. Etaten samarbeider òg med andre tilsynsetatar, Statens forvaltningsteneste og partane i arbeidslivet om informasjonstiltak av felles interesse.

Presse- og medieverksemd

Etaten ser det som ein viktig del av strategien sin å vere synleg i media og praktisere meir innsyn i offentlege dokument i samsvar med forvaltningslova.

I 2000 har vi registrert 1 876 presseoppslag, det er på same nivå som året før. Dei positive oppslaga er framleis mange, heile 74 % (72 % i fjor), nøytrale oppslag utgjer 23 %, mens talet på negative oppslag held seg lågt, 3 %.

Aksjonane og kampanjane frå etaten får gjennomgåande mykje plass i media. Det gjeld både rikskampanjar og lokale kampanjar. Vi får òg mange oppslag når vi går ut med tal over yrkesskadar/arbeidsulykker.

Dei mest omtalte emna var HMS, yrkesskadar/arbeidsulykker, aksjonane, helsefarleg arbeid (handtering av asbest, kjemikalier, mikroorganismar, støy osv.), bygg- og anleggskampanjen, arbeidsmiljøkonfliktar, inneklima og sjukefråvær.

Internett

– eiga heimeside

Nettstaden til etaten blir halden kontinuerleg oppdatert i forhold til endringar i regelverket. Drifta blir halden ved like, tilbakemeldingane er positive og besøket aukande. I siste halvdel av 2000 låg bruken på mellom 3500 og 4000 unike besøk i veka - med eit snitt på 6 sidevisingar for kvart besøk. Under 3 % av bruken var frå våre eigne medarbeidarar.

Utvikling av nettstaden i år 2000:

- ◆ Nye temasider er laga om isocyanat, HMS på byggeplassen, ergonomi, plantevernmiddele og internkontroll.
- ◆ All dokumentasjon rundt større regelverksendringar blir no lagd ut på nettet, slik at også andre enn dei formelle høyringsinstansane har sjansen til å gjere seg kjende med og kommentere utkasta.
- ◆ Sentrale artiklar frå Arbeidervern (ev. frå internbladet *Flammen*) blir no lagde ut i eit «artikkelarkiv». Slik blir heimesida vår ein ka-

nal for å spreie budskapar utover kunngjer-
ringar om lover og reglar.

- ◆ Fleire nye skjema er lagde ut, seinast 369 e.
Målet er at alle skjema skal vere tilgjengelege
på nett.
- ◆ Kontaktinformasjonen er betra med lett til-
gjengeleg e-post som vi ordinært svarer på in-
nan eit døgn.

– andre nettstader

Sjå kapittelet Samarbeid med andre på side 29

Sentral svarteneste

Ei landsdekkjande svarteneste for Arbeidstilsy-
net vart opna 5. juni. Målet med å etablere ei
sentral svarteneste er at telefonspørsmål skal
handterast mest mogleg rasjonelt, slik at det blir
frigjort tid til andre prioriterte oppgåver som til-
syn og saksbehandling, og at publikum skal få
raskt og korrekt svar.

Publikum kan ringje Arbeidstilsynet via eit
felles telefonnummer, 815 48 222. Telefonane
blir dirigerte til rett mottakar via ein meny og ei
underliggjande «områdedirigering». Avhengig
av det valet som blir gjort i menyen, blir telefo-
nane overført til svartenesta i etaten, eit lokalt
sentralbord eller til direktoratet.

7 distriktskontor valde å etablere eit felles
svarsenter, lagt til Bodø. Dei andre 6 distrikta
valde sjølve å svare på spørsmåla til eige distrikt
og oppretta eigne vakttelefonar.

Informasjonsavdelinga er koordinerande in-
stans med ansvar for å sjå til at den tekniske løy-
singa fungerer etter planen, vidareutvikle tenes-
ta og evaluere henne.

– evaluering

Etter 11/2 års drift skal tenesta evaluerast, målt i
forhold til service, kvalitet og effektivitet.

Før opninga, vart det i januar/februar gjen-
nomført ei kartlegging over to veker av eksterne
telefonspørsmål til etaten. Resultatet frå kartleg-
ginga gjev det «nullnivået» som den neste kartleg-
ginga (jan./feb. 2002) skal målast mot. 8 600
samtalar vart registrerte, gjennomsnittleg samta-
letid var 5,40 minutt, over halvparten av samta-
lane var HMS-relaterte, 7 % vart sette vidare, 18
% vart følgde opp med materiell, telefonar osv.
Gjennomsnittleg oppfølgingstid var 10,24 mi-
nutt. Inspektørar/saksbehandlarar handterer 3/4
av spørsmåla.

Arbeidervern

Avisa har i dette året fått ny layout, nytt format,
nytt papir. Bladet kjem no ut med seks nummer
i året, stort sett med 24 sider (av og til 20). Eitt
av måla for bladet var å omtale hovudpriorite-
ringsområda til etaten. Såleis har bygg/anlegg,
politi, psykisk helse, kjemiske faktorar og belast-
ningslidingar vore tema.

Ei ny fast spalte vart lansert, «Arbeid og hel-
se». Her skriv to av legane i etaten annakvar gong.

Avisa har vore brukt som informasjonsele-
ment i samband med aksjonsdag (Europeisk
veke) og bygg- og anleggskampanjen.

Arbeidervern har vore sitert i andre medium
på sakene BHT og psykisk helse/trivsel.

I november 2000 vart Arbeidervern innklaga
til Pressas faglege utval av overlege Ottar Rekke-
dal ved Volda Sjukehus pga. av ein artikkel om
forholda ved sjukehuset. Vi kom fram til ei min-
neleg ordning der redaktøren på spalteplass i Ar-
beidervern sa seg lei for at sjukehuset ikkje vart
invitert til å kommentere fråsegna frå 9. distrikt
i Arbeidstilsynet før bladet gjekk i trykken.

Kostnadene for produksjon, distribusjon og
annonsesal er haldne på eit rimeleg nivå, ca. kr
1 360 000,-. I 1999 var kostnadene 1,3 mill.

Abonnementsinntektene er kr 902 000,- og
annonseinntektene kr 368 000,-, totalt
kr 1 270 000,-, mot kr 1 475 000,- i 1999.

Intern informasjon

Direktoratet lagar internbladet «Flammen», som
kjem ut 10 gonger i året.

Nytt på faks, «Gnisten», er no for det meste
erstatta med meldingar over e-posten i etaten.
Informasjonsflyten vil bli enda betre når intra-
nettet i etaten blir starta våren 2001.

InfoBanken

Infobanken er ein kunnskapsdatabase, tilgjenge-
leg for alle tilsette. Alle nyttilsette som gjennom-
går grunnopplæringa i etaten, får ei grundig
innføring i bruken av basen. Han inneheld alt
regelverk som etaten forvaltar, og dokumenta-
sjon av forvaltningpraksis i form av «Presedens-
saker», «Tilsynsnytt» og «Hurtigsvar».

Alle innlagde lover, forskrifter og rettleingar
blir haldne kontinuerleg oppdaterte. Basen er eit
nyttig verktøy for å gje publikum ei einskapleg
teneste, og han blir nytta særleg aktivt av den
sentrale svartenesta vår.

Intranett

Våren 2000 vart det gjennomført eit omfattande
arbeid med anbodsinnbydingar og drøftingar
med fleire større leverandørar av «totalløysing-
ar» av intranett. Prisnivået på desse løysingane
var i fleire tilfelle sett til nærare 2 millionar kro-
ner. Vi valde derfor å stoppe denne prosessen og
i staden etablere kontakt med leverandørar av
informasjonsløysingar som meir fleksibelt kan
tilpassast ulike behov i AT. Denne nye prosessen
gjekk i hausthalvåret, samtidig med at ulike do-
kumenttypar vart gjennomgått og informasjons-
behov vidare utgreidde saman med medarbeida-
rar i dei ulike einingane i direktoratet.

Det blir teke sikte på oppstart i april/mai
2001.

Serviceerklæring

Serviceerklæringa til Arbeidstilsynet var ferdig i
desember. Serviceerklæringa fortel om innhaldet

i og kvaliteten på dei tenestene publikum kan vente å få. Erklæringa viser kvar publikum kan finne informasjon og korleis dei kan kontakte oss. Den fortel om pliktene våre, korleis tilsyn blir gjennomført, den gjev informasjon om meldingar og søknader, klagar og klagebehandling og om Arbeidstilsynet si handtering av ulykker.

Det er utarbeidd ei eiga serviceerklæring for lønnsgarantiordninga.


Begge serviceerklæringane er lagde ut på internettssidene til Arbeidstilsynet. Serviceerklæringane vil bli trykte i eit avgrensa opplag. Innhaldet i serviceerklæringa vil bli vurdert kontinuerleg.

Lønnsgarantiordninga


Hovudmålsetjinga for lønnsgarantiordninga er ei gjennomsnittleg svartid for lønnsgarantisaker som ikkje overstig fire veker. Dette vart det i 2000 ikkje mogleg å gjennomføre pga. ei aukande saksmengd og knappe personalressursar. Vanskelegast var situasjonen i august og september. Etaten må så langt tilbake som 1995 for å finne eit år med høgare gjennomsnittleg restanse pr. måned. Gjennom omprioriteringar og ein stor overtidssinnsats var likevel restansen ved slutten av året lågare enn året før.

Saksmengda heldt fram med å auke i 2000. Talet på konkursbu på landsbasis auka med 10,8 %, mens talet på konkursbu med lønnsgarantisaker auka med 13 %. Tabellen og grafane viser fordelinga av saker og dessutan av utbetalingar og dividende.


Oversikt over utbetalingar og dividende



Skriftlege spørsmål



Nye saker / bu



Figur 1 framstiller ei reint rekneskapsmessig utvikling i inn- og utbetalingar. Det er viktig å merke seg at figuren ikkje seier noko om utviklinga i dividendeinngangen i dei enkelte bua. Behandlinga av enkelte bu strekkjer seg over fleire år, slik at utbetalinga til buet og dividenden ofte blir rekneskapsførte i ulike år.

Sakstypar	1997	1998	1999	2000	Endring frå 1999 til 2000
Opna konkursar	3 333	3 347	3 243	3 576	10 %
Konkursar behandla i DAT	1 225	1 132	1 326	1 495	13 %
Journalførte skriftlege spørsmål	6 655	6 680	7 072	8 007	13 %
Ubehandla journalførte spørsmål pr. 31.12.	298	140	297	252	-15 %
Utbetalt (mill. kroner)	187	197	267	297	11 %
Dividende (mill. kroner)	53	76	55	85	55 %



Miljøarbeidet i etaten

Etaten er etter rekneskapslova pliktig til å rapportere om korleis det indre (arbeidsmiljøet) og det ytre miljøet blir teke vare på.

Arbeidsmiljø

– det systematiske HMS-arbeidet i etaten

Det er i 2000 gjennomført ein intern verifikasjon i einingane for å få stadfesta status med å utøve eit systematisk HMS-arbeid. Verifikasjonen avdekte at vi ikkje fullt ut held den standarden vi sjølve har vedteke i HMS-systemet vårt. Vi kan bl.a. bli betre når det gjeld det organisatoriske og psykososiale arbeidsmiljøet. Etaten vil følgje opp dei avvika som vart konstaterte under verifikasjonen.

HMS-handboka til Arbeidstilsynet vart revidert, og det er innført eit endra opplegg for den årlege rapporteringa av HMS.

– arbeidsmiljøutvalet

Etaten har eit sentralt arbeidsmiljøutval (AMU). Det er utarbeidd ein eigen årsrapport for arbeidet til utvalet i 2000. Det vart gjennomført fire møte, og utvalet hadde blant anna desse sakene oppe til behandling:

- ◆ AMUs rolle og arbeidsmåte
 - ◆ Rusmiddelpolitikk for etaten
 - ◆ Årsrapportar for arbeidet i AMU- og AKAN-utvalet
 - ◆ Årsrapport for HMS-arbeidet i etaten
 - ◆ Sjukefråværsrapportar (kvartalsvis og årleg)
- I det siste møtet for 2000 vart det gjort ein prin-

Prosentvis sjukefråvær 1996–2000 (totalfråvær heile etaten)

1996	1997	1998	1999	2000
6,2	6,5	7,1	6,3	6,5

Prosent turnover i Arbeidstilsynet 1996–2000

* vanleg turnover

1996	1997	1998	1999	2000
8	9	7	8	7

** korrigert turnover

1996	1997	1998	1999	2000
6	6	3	5	4

* vanleg turnover: kor mange som slutta i Arbeidstilsynet

** korrigert turnover: kor mange som slutta, fråtrekt naturleg avgang (alders-/invalidpensjon og død)

sipiell gjennomgang av HMS-systemet i etaten, og utvalet vedtok å setje ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide ei prinsippskisse til nytt HMS-system. Prinsippskissa er forventet framlagd i første halvdel av 2001.

Sjukefråvær/turnover

Sjukefråværet ligg på same nivå som i 1999, så den positive trenden med redusert langtidsfråvær ser ut til å halde. Også turnover låg på same nivå som året før.

Ytre miljø

Arbeidstilsynet har knytt seg til ordningar for å handtere spesialavfall. Vi gjennomfører kjelde-sortering og kjøper inn reingjeringsmiddel som ifølgje produktdatablada ikkje skal skade verken indre eller ytre miljø. Ved papirinnkjøp bruker vi miljøpapir.

Arbeidstilsynet bruker underleverandørar som kan stadfeste eit systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid.

Interne utviklings- og effektiviseringsoppgåver

Personalområdet

Ny personalhandbok og livsfasepolitikken til etaten vart ferdigstilte i 2000; begge er viktige i handhevinga av personalpolitikken i etaten. Vi håpar at livsfasepolitikken kan medverke til å støtte opp under endringsarbeidet i etaten ved å leggje arbeidssituasjonen betre til rette for den enkelte tilsette.

Det vart gjennomført opplæring i nytt personalreglement, og det skjedde ei opprydding og klargjering med omsyn til arbeidstid, fleksitid o.l.

Det vart gjennomført ein AKAN-konferanse, og utarbeidd ein rusmiddelpolitikk for etaten.

Økonomiområdet

Eit elektronisk arkivstyrings- og saksbehandlingssystem vart nesten ferdig utgreidd i 2000. Kjøp og implementering vil skje i 2001.

Rekneskapsystemet Agresso vart innført i 2000 som planlagt, og einingane har no same system. Grunnlaget for betre økonomistyring er dermed lagt.

Økonomiinstruksar for både DAT og distrikta vart òg ferdigstilte i 2000. Samla er rutinane resurskrevjande, og etaten vil vurdere ei anna organisering i 2001.

Det vart gjort mykje arbeid for å finna nye

funksjonelle og trivelege lokale for direktoratet, og for å førebu flyttinga som skal skje sommaren 2001.

Kompetanseutvikling

Opplæringsplanen i etaten vart i hovudsak gjennomført. Av tiltaka kan vi nemne desse:

- ◆ Grunnopplæring
- ◆ Administrasjonsseminar
- ◆ Fagsamlingar (juss, teknikk, informasjon, økonomi, regelverk o.l.)
- ◆ Revisjonsleiar- og tilsynsleiarssamling og felleskurs i tilsynsmetodikk
- ◆ Leiaropplæring
- ◆ Kollegabasert rettleiing
- ◆ Mediekurs

Informasjonsteknologi

Arbeidstilsynet har i 2000 vidareført standardiseringsarbeidet med ein felles plattformstruktur, slik at det er mogleg bl.a. å ha ein felles katalogstruktur i etaten.

Ei ny nettverksløyseing vart utvikla i 2000, slik at nettkapasiteten kan vere tilfredsstillande for kontorstøttesystemet og intranett blir teke i bruk.

Det vart i 2000 gjennomført eit tryggleiksprosjekt som bl.a. gjer at vi må kjøpe eit system av brannmurar. Prosjektet blir avslutta 1. kvartal 2001.

Samarbeid med tenestemannsorganisasjonane

Det vart i 2000 halde 9 møte mellom leiinga og tenestemannsorganisasjonane. Samarbeidsklimaet var bra, og meir enn 71 saker om arbeidet i etaten vart behandla.

Samarbeid med andre

Strategien til Arbeidstilsynet: Samarbeide ope og aktivt med andre som er med på å betre arbeidsmiljøet

Gjennom å

- ◆ ha kontakt med organisasjonane i arbeidslivet
- ◆ utvikle samarbeid med forskingsinstitutt og andre kompetansesenter
- ◆ utvikle samarbeidet med andre tilsynsstyresmakter
- ◆ delta i internasjonalt samarbeid

Politiske føringar for samarbeid med andre

Arbeidstilsynet skal halde fram samarbeidet med organisasjonane, institutt og offentlege etatar som kan ha innverknad på viljen og evna til å arbeide systematisk med HMS i verksemdene.

Arbeidstilsynet skal vidareføre samarbeidet mellom dei fem HMS-etatane om tilsyn, informasjon, regelverk, forskning og utvikling, serviceerklæringar, lokalt og regionalt samarbeid, og dessutan med andre tilsynsetatar.

Arbeidstilsynet skal halde fram samarbeidet med partane når det gjeld planlegging, rettleiing og informasjon i tilknytning til bransjesatsingar.

Samarbeidet med Statens arbeidsmiljøinstitutt og andre kompetansesenter på kjemikalieområdet skal styrkjast.

Internasjonalt samarbeid

EU

Gjennom EØS-avtalen deltek Arbeidstilsynet i arbeidsgruppene under EU-kommisjonen. I 2000 deltok etaten i slike arbeidsgrupper på områda kjemikalier, maskiner og personleg verneutstyr. Formålet med samarbeidet er å utvikle felles reglar og lik praksis for å gjennomføre dei i alle EØS-land. Arbeidstilsynet deltek i EUs statistikkprogram Eurostat for statistikk over arbeidsrelaterte skadar og sjukdommar, og i EUs samarbeid om marknadskontroll av personleg verneutstyr. I 2000 deltok Arbeidstilsynet òg i eit EU-program for gjensidig vurdering av marknadskontrollen til dei nasjonale styresmaktene på områda maskiner og personleg verneutstyr (Joint Visiting Program).

European Week - aksjon i samarbeid med EU.
Omtale under sentrale aksjonar på side °

ILO

Arbeidstilsynet deltok på ILOs arbeidskonferanse i 2000 i komiteen for tryggleik og helse i landbruket.

SLIC

Innanfor EU er det ein fast komité – Senior Labour Inspectors Committee. Noreg har to faste observatørar i komiteen, Ivar Leveraas og Nils-Petter Wedege. Komiteen møtest to gonger i året, og møta blir haldne i det landet som har formannskapet i EU. I 2000 var det Portugal og Frankrike.

Internett-samarbeid

◆ Det europeiske arbeidsmiljøorganet
Det er bestemt at DAT skal vere «focal point» for Det europeiske arbeidsmiljøorganet i Bilbao. Informasjonsavdelinga skal ha ansvaret for kontakt til Bilbaos Internett-gruppe. Dette samarbeidet skal utviklast i 2001.

◆ Felles HMS-portal for tilsynsetatane
Det vart i desember bestemt av direktørgruppa for dei fem tilsynsetatane at det skal etablerast ein felles portal med HMS-informasjon. SFT har teke på seg redaktør- og driftsfunksjonar i 2001.

◆ Deltaking i Plantevernmidde.net
Etter invitasjon frå Landbrukstilsynet, var DAT med på å utvikle ein temaportal for informasjon om plantevernmidde frå ulike innfalls-vinklar/faginstansar. Denne portalen vart opna på slutten av året.

Samarbeid – tilsyn

– styrkt arbeidsmiljøinnsats

I samarbeidsprosjektet Styrkt arbeidsmiljøinnsats deltek LO, NHO og AT. Målet med prosjektet er å auke HMS-innsatsen i bransjar og verksemder der HMS-forholda er dårlege. Samtidig har det vore eit mål at prosjektarbeida skal innebære samarbeid mellom partane og Arbeidstilsynet.

Løyvinga for år 2000 vart fordelt på ni nye prosjekt. Prosjekta har vore retta mot ulike bransjar som havbruk, import av kjemikaliar og arbeid i heimen til andre.

Prosjektet vart avslutta i år 2000, og ein evalueringssrapport er utarbeidd.

– samarbeid mellom tilsynsetatane

Samordninga mellom tilsynsstyresmaktene på HMS-området er i 2000 vidareført i tråd med strategidokumenta til tilsynsetatane. Følgjande arbeidsgrupper under direktørgruppa (DG) har vore aktive i rapporteringsperioden: tilsynsgruppe, regelverksgruppe, informasjonsgruppe, gruppe for serviceerklæring og opplæringsgruppe.

Det er i 2000 sett i gang ei ordning med felles tilsynsopplæring.

I 2000 var det meldt inn 367 fleirdagskontrollar. 55 av fleirdagskontrollane var samordna eller koordinert tilsyn.

Felles publikasjonskatalog og bestillingsordning

Ordninga med ein felles publikasjonskatalog og bestillingsstad for dei fem etatane som fører tilsyn etter HMS-forskrifta, vart vidareført i 2000. Katalogen vil komme i ny utgåve i 2001, men ordninga med felles bestillingsstad (Statens forvaltningsteneste) vart lagt ned ved årsskiftet. Bestillinga vil no bli organisert gjennom den felles HMS-portalen som tilsynsetatane skal starte opp i 2001.

Felles informasjon til nyetablerte verksemder

Vi har i samarbeid med Brønnøysundregistra, Skatteetaten, Trygdeetaten og Statistisk sentralbyrå utarbeidd handboka «Når du driv eiga bedrift». Informasjonen blir publisert parallelt som trykt brosjyre og som ein integrert del av nettstaden «Spør oss». Målet er å gje nyetablerte og andre små og mellomstore verksemder eit samla oversyn over krava frå styresmaktene, anten det gjeld skatt, rekneskap, statistikk, moms, kontraktvern eller HMS.

Prosjekt Yrkesskadeforsikring

Prosjekt Yrkesskadeforsikring er eit samarbeidsprosjekt mellom fire departement, Arbeidstilsynet, NHO, LO og forsikringsbransjen og er eit ledd i evalueringa av Lov om yrkesskadeforsikring. Prosjektet har gått i fire år (1997–2000). Distrikt 1, 2, og 8 i Arbeidstilsynet har vore med på prosjektet.

Hovudaktivitetane i år 2000 har vore

- ◆ sluttkartlegging i 483 verksemder med under 20 tilsette (intervensjons- og kontrollgruppe)
- ◆ utarbeiding av HMS-informasjonsmateriell («verktøykasse») for små verksemder – uansett bransje

Den operative delen av prosjektet er dermed ferdig, og sluttrapporten for arbeidet skal leverast til Sosial- og helsedepartementet 01.04.2001.

Det står att eitt år av prosjektperioden (fram til 01.04.2002), og i denne perioden skal vi drive utoverretta informasjon på to frontar:

- ◆ informere om resultat og erfaringar frå prosjektarbeidet
- ◆ distribuere utarbeidd HMS-materiell («verktøykassen») på ein slik måte at det når fram til så mange små verksemder som mogleg – uansett bransje

Budsjett og rekneskap

Budsjett

Tildelt budsjett i 2000 var litt høgare enn i 1999. Justert for lønns- og prisvekst var det ein auke på 4,65 mill. kroner, dvs. 2,07 %. Denne auken kom av at det vart inndrege og overført 5 mill. kroner av den tildelte løyvinga i 1999. Men gjennom året vart det inndrege lønnsmidlar i samband med sjukepengerefusjon på 6 mill. kroner. Dei vart berre kompenserte med refusjonar på 4,5 mill. Den réelle auken vart derfor 1,3 %.

2000 var det andre driftsåret som Arbeidstilsynet kravde inn gebyr på byggjesaksbehandling. Inntektskravet vart sett til 10,2 mill. kroner. Det er auka til 12,3 mill. kroner i 2001.

Arbeidstilsynet disponerer framleis vesentleg lågare driftsmidlar pr. tilsett enn etatar vi kan samanlikne oss med. Utoverretta verksemd er i størst mogleg grad prøvd skjerna. I 2000 var ytre etat tildelt 62,1 % av totalbudsjettet, ein auke på 1,4 % samanlikna med 1999.

Distrikta fekk i 2000 som i 1999 eit driftstillegg på 2,5 mill. kroner. I tillegg fekk dei 1 mill. kroner til dekning av meirarbeid med byggjesaksbehandling og tildelt meirinntektene frå byggjesaksbehandlninga året før, i alt 2,186 mill. kroner.

Utgifter

Den største utgiftsposten i etaten er lønn og godtgjersle. Frå 1999 til 2000 auka lønnsutgiftene med ca. 8,9 mill. kroner til 163,5 mill. kroner. Det utgjer ca. 65,7 % av dei samla utgiftene i etaten, ein liten nedgang samanlikna med i fjor.

I 1999 utgjorde lønnsutgiftene ca. 66 % av dei totale utgiftene. Kjøp av varer og tenester utgjorde i 1999 32 % og for 2000 ca. 33 % av dei totale utgiftene. Etaten hadde i 2000 ei investering på 3 700 mill. kroner i kommunikasjon- og informasjonsteknologi. Det utgjer ca. 1,5 % av dei samla utgiftene i etaten og ein nedgang på 0,1 prosentpoeng samanlikna med 1999.

Dei utgiftene som direkte kan knytast til distrikta, var i 2000 63 % av det samla ressursforbruket i etaten. Det svarer til ein auke på 1 prosentpoeng samanlikna med 1999. Det tilsvarende talet for direktoratet er 27 %, som er ein nedgang på 1 prosentpoeng samanlikna med fjoråret.

Etatens del til fellesutgifter utgjorde i 1999 9 % og auka til 10 % i 2000. Denne auken kjem bl.a. av ein auke i posten «Varer og tenester».



Inntekter

Dei totale inntektene til etaten auka med 26,6 % til 28,7 mill. kroner i 2000. Dette vil bli gjort i 2001.

Inntektsauken kjem bl.a. av ein auke i innkrevjing av byggjesaksgebyr, som i 2000 utgjorde 13,5 mill. kroner, ein auke på ca. 10 % samanlikna med 1999. Inntektene på annonsar og abonnement på Arbeidervern viser ein nedgang på ca. 13 % til 1,3 mill. kroner. Det kjem hovudsakleg av at det ikkje vart sendt ut purring på abonnement for 2000.

Dei ubudsjetterte inntektene til etaten utgjer 7,8 mill. kroner, ein auke på 99 % samanlikna med 1999. Auken kjem i hovudsak av ein auke i refusjonar av bl.a. sjukepengar med 4,5 mill. kroner. Dei budsjetterte inntektene utgjer 20,8 mill. kroner, ein auke på 12 % samanlikna med fjoråret.

* Notar til rekneskapen side 34.

Ytingar til direktøren og styremedlemmene

Årslønna til direktøren: kr 646 755

Følgjande satsar blir utbetalt til styremedlemmene:

Styreleiar:	kr 35 000,-	pr. år
Styremedlemmer:	kr 9 000,-	pr. år
Vararepresentantar:	kr 613,50	pr. møte

Arbeidstilsynet har ingen utgifter til revisor, ettersom riksrevisjonen utfører den arbeidsoppgåva.

Budsjettutvikling siste 5 år (alle tall i hele tusen)

Budsjett	Budsjett 1995	Budsjett 1996	Budsjett 1997	Budsjett 1998	Budsjett 1999	Budsjett 2000
Utgifter						
Post 011 Lønn og godtgjørelse	138 414	140 992	148 788	152 549	155 476	163 233
Post 112 Varer og tjenester	78 370	81 951	80 399	87 171	86 292	89 260
Post 45 Store nyinvesteringer	2 750	2 988	3 034	4 146	3 680	3 700
Post 46 Innredning	1 153	633	695	-	-	
Post 70 Tilskudd HVT	1 500	530	2	2	-	
Sum utgifter	222 187	227 094	232 918	243 868	245 448	256 193
Inntekter						
Sum inntekter	4 069	3 237	5 352	7 259	16 042	16 715

Note:

I budsjettet er alle merinntekter innarbeidet.

Regnskapsutvikling siste 5 år (alle tall i hele tusen)

Budsjett	Regnskap 1995	Regnskap 1996	Regnskap 1997	Regnskap 1998	Regnskap 1999	Regnskap 2000
Utgifter						
Post 01 Lønn og godtgjørelse	137 670	140 131	146 478	150 054	154 623	163 476
Post 11 Varer og tjenester	74 825	78 167	73 702	77 214	74 977	81 670
Post 45 Store investeringer	2 750	2 984	2 493	4 072	3 680	3 700
Post 46 Innredninger	1 117	604	695	0		
Post 70 Tilskudd HVT	970	528				
Post 90 Leieboerinnskudd						
Sum utgifter	217 332	222 414	223 368	231 340	233 280	248 543
Inntekter						
SUM inntekter	9 987	8 573	11 237	15 894	22 674	28 706

Budsjett og regnskap 1996-1998 (alle tall i hele tusen)

Utgifter	Budsjett 1998	Regnskap 1998	Budsjett 1999	Regnskap 1999	Budsjett 2000	Regnskap 2000
Utgifter						
Post 01 Lønn og godtgjørelse	152 549	150 054	155 476	154 623	163 233	163 476
Post 11 Varer og tjenester	87 171	77 214	86 292	74 977	89 260	81 670
Post 45 Store nyinvesteringer	4 146	4 072	3 680	3 680	3 700	3 700
Post 46 Innredning	-	0				
Post 70 Tilskudd HVT	2	0				
SUM utgifter	243 868	231 340	245 448	233 280	256 193	248 543
Inntekter						
SUM inntekter	7 256	15 894	16 042	22 674	16 715	28 706

Note:

I budsjettet er alle merinntekter innarbeidet.

Statistikk



Tekniske opplysningar om registra våre

Arbeidstilsynets nye Verksemds- og yrkesskade-register (VYR) vart ferdigstilt hausten 1999. Det nye systemet er meir brukarvennleg enn det gamle, og det hentar verksemdsinformasjonen sin frå Einingsregisteret i Brønnøysund. Det gjer at datakvaliteten har vorte mykje betre. VYR har to hovuddelar: verksemdsregisteret og yrkesskaderegisteret.

◆ Verksemdsregisteret

Tilsynsverksemda til etaten blir registrert og dokumentert gjennom verksemdsregisteret. Det er tilrettelagt for at alle reaksjonar etter tilsyn kan dokumenterast og følgjast opp. Etter kvart som nye verktoy i tilknytning til tilsynsaktivitetar blir utvikla, vil dei bli inkluderte i VYR.

◆ Yrkesskaderegisteret

– tilmeldinga

Arbeidstilsynet får yrkesskadane tilmeldt gjen-

nom gjenpart av Rikstrygdeverkets (RTV) skjema 11.01A som arbeidsgjevaren er pålagt å sende inn ved arbeidsulykker. Arbeidstilsynet registrerer berre dei arbeidsulykkene som rammar arbeidstakarar som arbeidsmiljølova omfattar. I utgangspunktet blir skadar som skjer på «norsk jord», registrerte, altså ikkje på oljeplattformer (Oljedirektoratet) eller i skipsfart og fiskeriverksemd (Sjøfartsdirektoratet). Vi registrerer alle skadar som blir melde, ikkje berre dei som fører til sjukefråvær. Det er likevel grunn til å tru at det er dei meir alvorlege skadane, dei som fører til fråvær eller medisinsk behandling, som faktisk blir melde.

Etter den nye folketrygdlova kan også arbeidstakarar melde yrkesskade til trygdeetaten.

– endringar i Rikstrygdeverkets skjema

Rikstrygdeverket endra kodeverket i skjema 11.01A i juni 1998. Det har ført med seg endringar i registeret vårt. Dei gamle skjema er ikkje kalt tilbake, så mange er framleis i bruk. Vi vil derfor framleis ta imot ei blanding av nye og gamle skjema i ein periode framover. Det gjer at



datagrunnlaget er ei blanding av nye og gamle kodar. Det gjeld særleg for ulykkestype, bakgrunn, arten av skaden og kroppsdel. Det nye skjemaet er meir tilpassa røyndommen, det vil seie at hendingar som for eksempel valdshandlingar er tekne med som ulykkestype. Vi går ut frå at den tekniske utforminga av det gamle skjemaet har medverka til ei redusert tilmelding, og håpar at fleire vil melde skadar no som svaralternativa er betre.

Kor godt er datagrunnlaget?

Vi reknar med ein meldefrekvens på mellom 25 % og 50 %. Det er ei skeiv innrapportering når det gjeld både bransje og alvorsgrad. Det er for eksempel ein lågare meldefrekvens i bransjar med mange einmannsbedrifter.

Ny standard for næringsgruppering

Ny standard for næringsgruppering kom i 1994, men Arbeidstilsynet la ikkje om databasen sin før i 1998. Gamle data er konverterte til nye kodar i så stor grad som mogleg, men vi gjer merkksam på at det framleis vil vere ei stor gruppe med «udefinert» næringsgruppe på eldre data.

Omlegging av statistikken

Etter innføringa av VYR, som er online med distriktskontora våre, har vi begynt å rapportere skadane etter datoen da ulykka skjedde, heller enn etter datoen da skaden vart lagd inn i data-systemet. Det har vi gjort for å kunne gje ei betre oversikt over skadebiletet i ein bestemt periode. På grunn av denne omlegginga vil ikkje skadetala bli endelege, men vil vere dynamiske og forandre seg etter kvart som vi tek imot nye skademeldingar. Det tek ofte lang tid (det kan i enkelte tilfelle ta fleire år) frå skaden har skjedd til vi tek imot og registrerer meldinga. Skadetala vil derfor ikkje stemme med tala i gamle Årsrapportar.

Dødsulykker

Dødsulykker blir òg registrerte i yrkesskaderegistret. Dei blir i hovudsak registrerte på grunnlag av eit internt skjema som blir fylt ut av inspektøren som har hatt ulykkesutrykkinga. Vi reknar med at vi får tilmeldt alle dødsulykker, men det er sannsynlegvis litt underrapportering av transportulykker, ettersom dei ofte blir klassifiserte som «vanlege» trafikkulykker og Arbeidstilsynet derfor ikkje blir kontakta.

Registeret for arbeidsrelaterte sjukdommar

§ 22 i arbeidsmiljølova om meldeplikta til legen er grunnlaget for registeret for arbeidsrelaterte sjukdommar. Legane melder om arbeidsrelaterte sjukdommar (sjukdommar som dei reknar med kjem av eller er forverra av arbeidet) direkte til oss på skjema 154b. Eit revidert skjema for arbeidsrelaterte sjukdommar eller skadar vart teke i bruk i byrjinga av 1999.

Det er ei stor underrapportering til dette registeret, og vi arbeider stadig med å motivere legane til å melde arbeidsrelaterte sjukdommar. Legane (så nær som bedriftslegane) får eit honorar for kvart skjema som blir sendt inn.

I 2000 har registeret konvertert til ny Standard for næringsgruppering (SN) 94. Tidlegare vart Standard for næringsgruppering (SN) 68 nytta for å kode næring.

Registrerte døde i 1998-2000 etter næring (pr. 31.12.2000*)

Nærings-kode (NACE)		1998	1999	2000
	I ALT	64	58	57
U	UDEFINERT			
A	01-02 JORDBRUK OG SKOGBRUK	13	10	17
	01 jordbruk og tjenester tilknyttet jordbruk. jakt og viltstell	10	7	16
	02 skogbruk og tjenester tilknyttet skogbruk	3	3	1
B	05 FISKE**	1	2	1
CA	10-11 UTVINNING AV ENERGIÅSTOFFER	2		2
	10 bryting av steinkull og brunkull. utvinning av torv	2		2
	11 utvinning av råolje og naturgass. tjenester tilknyttet olje- og gassutvinning**			
CB	13-14 ANNEN BERGVERKSDRIFT OG UTVINNING	2	1	2
	13 bryting av metallholdig malm	2		
	14 bergverksdrift ellers		1	2
DA	15-16 PRODUKSJON AV NÆRINGS- OG NYTELSESMIDLER	3	3	
	15 produksjon av næringsmidler og drikkevarer	3	3	
	16 produksjon av tobakksvarer			
DB	17-18 PRODUKSJON AV TEKSTIL- OG BEKLEDNINGSVARER	1		
	17 produksjon av tekstiler	1		
	18 produksjon av klær. beredning og farging av pelsskinn			
DC	19 PRODUKSJON AV LÆR OG LÆRVARER			
DD	20 PRODUKSJON AV TREVARER	2		
DE	21-22 TREFOREDLING, GRAFISK PRODUKSJON OG FORLAGSVIRKSOMHET	1		1
	21 produksjon av papirmasse, papir og papirvarer	1		1
	22 forlagsvirksomhet, grafisk produksjon og reproduksjon av innspilte opptak			
DF	23 PRODUKSJON AV KULL- OG PETROLEUMSPRODUKTER			
DG	24 PRODUKSJON AV KJEMIKALIER OG KJEMISKE PRODUKTER		1	
DH	25 PRODUKSJON AV GUMMI- OG PLASTPRODUKTER		1	
DI	26 PRODUKSJON AV ANDRE IKKE-METALLHOLDIGE MINERALPRODUKTER	1		2
DJ	27-28 PRODUKSJON AV METALLER OG METALLVARER	1	2	2
	27 produksjon av metaller		2	2
	28 produksjon av metallvarer, unntatt maskiner og utstyr	1		
DK	29 PRODUKSJON AV MASKINER OG UTSTYR		1	
DL	30-33 PRODUKSJON AV ELEKTRISKE OG OPTISKE PRODUKTER			1
	30 produksjon av kontor- og datamaskiner			
	31 produksjon av andre elektriske maskiner og apparater			1
	32 produksjon av radio-, fjernsyns- og annet kommunikasjonsutstyr			
	33 produksjon av medisinske instrumenter, presisjonsinstrumenter, optiske instrumenter, klokker og ur			
DM	34-35 PRODUKSJON AV TRANSPORTMIDLER	3	1	3
	34 produksjon av motorkjøretøyer, tilhengere og deler	1		1
	35 produksjon av andre transportmidler	2	1	2
DN	36-37 ANNEN INDUSTRIPRODUKSJON			1
	36 produksjon av møbler. annen industriproduksjon			
	37 gjenvinning			1
E	40-41 KRAFT- OG VANNFORSYNING		1	1
	40 elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvannsforsyning		1	1
	41 oppsamling, rensing og distribusjon av vann			
F	45 BYGGE- OG ANLEGGSVIRKSOMHET	15	13	6
G	50-52 VAREHANDEL. REPARASJON AV KJØRETØYER OG HUSHOLDNINGSAPPARATER	1	5	2
	50 handel med, vedlikehold og reparasjon av motorkjøretøyer og motorsyklar.			
	detaljhandel med drivstoff til motorkjøretøyer og motorsyklar		3	
	51 agentur- og engros-handel, unntatt med motorkjøretøyer og motorsyklar	1	2	2
	52 detaljhandel, unntatt med motorkjøretøyer og motorsyklar. reparasjon av husholdningsvarer og varer til personlig bruk			
H	55 HOTELL- OG RESTAURANTVIRKSOMHET	2		
I	60-64 TRANSPORT OG KOMMUNIKASJON	10	7	12
	60 landtransport og rørtransport	8	7	10
	61 sjøtransport**			
	62 lufttransport	1		1
	63 tjenester tilknyttet transport og reisebyråvirksomhet	1		1
	64 post og telekommunikasjoner			
J	65-67 FINANSIELL TJENESTEYTING OG FORSIKRING			
	65 finansiell tjenesteyting unntatt forsikring og pensjonsfond			
	66 forsikring og pensjonsfond unntatt trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning			
	67 hjelpevirksomhet for finansiell tjenesteyting			
K	70-74 EIENDOMSDRIFT, FORRETNINGSMESSIG TJENESTEYTING OG UMLEIEVIRKSOMHET	1	2	1
	70 omsetning og drift av fast eiendom			1
	71 utleie av maskiner og utstyr uten personell. utleie av husholdningsvarer og varer til personlig bruk			
	72 databehandlingsvirksomhet			
	73 forskning og utviklingsarbeid			
	74 annen forretningsmessig tjenesteyting	1	2	
L	75 OFFENTLIG FORVALTNING	2	4	2
M	80 UNDERVISNING	2	1	
N	85 HELSE- OG SOSIALTJENESTER			1
W	88 MIDLERTIDIG FOR INV.SELSKAP OG HVILENDE SELSKAP			
O	90-93 ANDRE SOSIALE OG PERSONLIGE TJENESTER	1	3	
	90 kloakk- og renovasjonsvirksomhet		3	
	91 interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted			
	92 fritidsvirksomhet, kulturell tjenesteyting og sport	1		
	93 annen personlig tjenesteyting			
P	95 LØNNET HUSARBEID			
Q	99 INTERNASJONALE ORGANER OG ORGANISASJONER			

* Forbehold om endringer


** Arbeidstilsynet registrerer i hovedsak ikke skader som forekommer i fiske og fangst, sjøfart og kysttrafikk (Sjøfartsdirektoratet) eller offshore oljevirksomhet (Oljedirektoratet)

Tallene oppdateres kvartalsvis på våre nettsider www.arbeidstilsynet.no. På nettsidene finnes også oversikt over dødsulykker med frekvens pr. 1.000 sysselsatte

Oversikt over årsaker til dødsulykkene

Type ulykke	Støt/treff av gjenstand	Sammenstøt/påkjørsel	Velt	Klemt/fanget	Fall	Elektrisk spenning	Høy/lav temperatur	Eksplasjon, sprengning, brann	Annet	Totalt
KODE NAVN										
A JORDBRUK OG SKOGBRUK			3	9	3				2	17
B FISKE									1	1
CA UTVINNING AV ENERGIÅSTOFFER	1			1						2
CB ANNEN BERGVERKSDRIFT OG UTVINNING		1		1						2
DE TREFOREDLING, GRAFISK PRODUKSJON OG FORLAGSVIRKSOMHET	1									1
DI PRODUKSJON AV ANDRE IKKE-METALLHOLDIGE MINERALPRODUKTER				1	1					2
DJ PRODUKSJON AV METALLER OG METALLVARER							1	1		2
DL PRODUKSJON AV ELEKTRISKE OG OPTISKE PRODUKTER					1					1
DM PRODUKSJON AV TRANSPORTMIDLER	2			1						3
DN ANNEN INDUSTRIPRODUKSJON				1						1
E KRAFT- OG VANNFORSYNING					1					1
F BYGGE- OG ANLEGGSVIRKSOMHET	3			1	2					6
G VAREHANDEL, REPARASJON AV KJØRETØYER OG HUSHOLDNINGSAPPARATER				1	1					2
I TRANSPORT OG KOMMUNIKASJON	2	7	1	1		1				12
K EIENDOMSDRIFT, FORRETNINGSMESSIG TJENESTEYTING OG UMLEIEVIRKSOMHET						1				1
L OFFENTLIG FORVALTNING		1							1	2
N HELSE- OG SOSIALTJENESTER		1								1
Totalt	9	10	4	17	9	2	1	1	4	57

Dødsulykker i arbeidslivet i 2000



**Arbeidstilsynet registrerer i hovedsak ikke skader som forekommer i fiske og fangst, sjøfart og kysttrafikk (Sjøfartsdirektoratet) eller offshore oljevirksomhet (Oljedirektoratet)

Registrerte skader 1998-2000 etter næring (pr. 31.12.2000*)

Næringskode (NACE)		1998	1999*	2000*
	I ALT	35 005	32 711	22 776
U	UDEFINERT	1 075	626	279
A	01-02 JORDBRUK OG SKOGBRUK	490	443	352
	01 jordbruk og tjenester tilknyttet jordbruk, jakt og viltstell	413	377	294
	02 skogbruk og tjenester tilknyttet skogbruk	77	66	58
B	05 FISKE**	108	138	80
CA	10-11 UTVINNING AV ENERGIRÅSTOFFER	78	71	60
	10 bryting av steinkull og brunskull, utvinning av torv	16	12	19
	11 utvinning av råolje og naturgass, tjenester tilknyttet olje- og gassutvinning**	62	59	41
CB	13-14 ANNEN BERGVERKSDRIFT OG UTVINNING	182	175	105
	13 bryting av metallholdig malm	41	19	8
	14 bergverksdrift ellers	141	156	97
DA	15-16 PRODUKSJON AV NÆRINGS- OG NYTELSESMIDLER	2 249	2 042	1 489
	15 produksjon av næringsmidler og drikkevarer	2 231	2 034	1 480
	16 produksjon av tobakksvarer	18	8	9
DB	17-18 PRODUKSJON AV TEKSTIL- OG BEKLEDNINGSVARER	130	98	79
	17 produksjon av tekstiler	117	88	69
	18 produksjon av klær, beredning og farging av pelsskinn	13	10	10
DC	19 PRODUKSJON AV LÆR OG LÆRVARER	9	10	7
DD	20 PRODUKSJON AV TREVARER	648	570	460
DE	21-22 TREFOREDNING, GRAFISK PRODUKSJON OG FORLAGSVIRKSOMHET	757	631	421
	21 produksjon av papirmasse, papir og papirvarer	451	355	271
	22 forlagsvirksomhet, grafisk produksjon og reproduksjon av innspilte opptak	306	276	150
DF	23 PRODUKSJON AV KULL- OG PETROLEUMSPRODUKTER	11	9	6
DG	24 PRODUKSJON AV KJEMIKALIER OG KJEMISKE PRODUKTER	312	281	198
DH	25 PRODUKSJON AV GUMMI- OG PLASTPRODUKTER	232	219	184
DI	26 PRODUKSJON AV ANDRE IKKE-METALLHOLDIGE MINERALPRODUKTER	456	388	282
DJ	27-28 PRODUKSJON AV METALLER OG METALLVARER	1 691	1 429	949
	27 produksjon av metaller	553	507	383
	28 produksjon av metallvarer, unntatt maskiner og utstyr	1 138	922	566
DK	29 PRODUKSJON AV MASKINER OG UTSTYR	794	644	447
DL	30-33 PRODUKSJON AV ELEKTRISKE OG OPTISKE PRODUKTER	280	208	172
	30 produksjon av kontor- og datamaskiner	7	0	1
	31 produksjon av andre elektriske maskiner og apparater	215	162	139
	32 produksjon av radio-, fjernsyns- og annet kommunikasjonsutstyr	26	13	11
	33 produksjon av medisinske instrumenter, presisjonsinstrumenter, optiske instrumenter, klokker og ur	32	33	21
DM	34-35 PRODUKSJON AV TRANSPORTMIDLER	2 443	1 901	1 339
	34 produksjon av motorkjøretøyer, tilhengere og deler	200	191	144
	35 produksjon av andre transportmidler	2 243	1 710	1 195
DN	36-37 ANNEN INDUSTRIPRODUKSJON	342	275	226
	36 produksjon av møbler, annen industriproduksjon	314	253	205
	37 gjenvinning	28	22	21
E	40-41 KRAFT- OG VANNFORSYNING	542	535	351
	40 elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvannsforsyning	525	512	340
	41 oppsamling, rensing og distribusjon av vann	17	23	11
F	45 BYGGE- OG ANLEGGSVIRKSOMHET	3 690	3 571	2 537
G	50-52 VAREHANDEL, REPARASJON AV KJØRETØYER OG HUSHOLDNINGSAPPARATER	2 166	1 977	1 416
	50 handel med, vedlikehold og reparasjon av motorkjøretøyer og motorsykler.			
	51 detaljhandel med drivstoff til motorkjøretøyer og motorsykler	657	566	439
	52 agentur- og engroshandel, unntatt med motorkjøretøyer og motorsykler	803	760	497
	52 detaljhandel, unntatt med motorkjøretøyer og motorsykler, reparasjon av husholdningsvarer og varer til personlig bruk	706	651	480
H	55 HOTELL- OG RESTAURANTVIRKSOMHET	572	549	355
I	60-64 TRANSPORT OG KOMMUNIKASJON	2 745	2 740	1 796
	60 landtransport og rørtransport	1 288	1 290	825
	61 sjøtransport**	34	27	19
	62 lufttransport	183	222	145
	63 tjenester tilknyttet transport og reisebyråvirksomhet	382	323	223
	64 post og telekommunikasjoner	858	878	584
J	65-67 FINANSIELL TJENESTYTING OG FORSIKRING	116	109	67
	65 finansiell tjenesteyting unntatt forsikring og pensjonsfond	97	91	55
	66 forsikring og pensjonsfond unntatt trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	14	16	11
	67 hjelpevirksomhet for finansiell tjenesteyting	5	2	1
K	70-74 EIENDOMSDRIFT, FORRETNINGSMESSIG TJENESTYTING OG Utleievirksomhet	943	878	629
	70 omsetning og drift av fast eiendom	110	103	60
	71 utleie av maskiner og utstyr uten personell, utleie av husholdningsvarer og varer til personlig bruk	64	54	40
	72 databehandlingsvirksomhet	26	26	26
	73 forskning og utviklingsarbeid	57	30	24
	74 annen forretningsmessig tjenesteyting	686	665	479
L	75 OFFENTLIG FORVALTNING	2 923	2 632	1 799
M	80 UNDERVISNING	2 521	2 725	2 201
N	85 HELSE- OG SOSIALTJENESTER	5 816	6 206	4 062
W	88 MIDLERTIDIG FOR INV.SELSKAP OG HVILENDE SELSKAP	2	5	2
O	90-93 ANDRE SOSIALE OG PERSONLIGE TJENESTER	681	620	422
	90 kloakk- og renovasjonsvirksomhet	202	214	151
	91 interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted	188	99	52
	92 fritidsvirksomhet, kulturell tjenesteyting og sport	226	238	160
	93 annen personlig tjenesteyting	65	69	59
P	95 LØNNET HUSARBEID	1	4	2
Q	99 INTERNASJONALE ORGANER OG ORGANISASJONER	0	2	2


* Skademeldinger kommer fortsatt inn og blir registrert fortløpende

**Arbeidstilsynet registrerer i hovedsak ikke skader som forekommer i fiske og fangst, sjøfart og kysttrafikk (Sjøfartsdirektoratet) eller offshore oljevirksomhet (Oljedirektoratet)

Tallene oppdateres kvartalsvis på våre nettsider www.arbeidstilsynet.no.

På nettsidene finnes også oversikt over skader med frekvens pr. 1000 sysselsatte

Meldte yrkesskader i 2000 (pr 31.12.2000)



**Arbeidstilsynet registrerer i hovedsak ikke skader som forekommer i fiske og fangst, sjøfart og kysttrafikk (Sjøfartsdirektoratet) eller offshore oljevirksomhet (Oljedirektoratet)
 Tallene oppdateres kvartalsvis på våre nettsider www.arbeidstilsynet.no. På nettsidene finnes også oversikt over skader med frekvens pr. 1000 sysselsatte




Registrerte arbeidsrelaterte sykdommer i 2000 etter næring*

Næringskode (NACE)		antall meldinger
	I ALT	3 649
U	UDEFINERT	118
A	01-02 JORDBRUK OG SKOGBRUK	79
	01 jordbruk og tjenester tilknyttet jordbruk, jakt og viltstell	70
	02 skogbruk og tjenester tilknyttet skogbruk	9
B	05 FISKE	11
CA	10-11 UTVINNING AV ENERGIRÅSTOFFER	36
	10 brytning av steinkull og brunkull, utvinning av torv	2
	11 utvinning av råolje og naturgass, tjenester tilknyttet olje- og gassutvinning	34
CB	13-14 ANNEN BERGVERKSDRIFT OG UTVINNING	43
	13 brytning av metallholdig malm	14
	14 bergverksdrift ellers	29
DA	15-16 PRODUKSJON AV NÆRINGS- OG NYTELSESMIDLER	160
	15 produksjon av næringsmidler og drikkevarer	160
	16 produksjon av tobakksvarer	0
DB	17-18 PRODUKSJON AV TEKSTIL- OG BEKLEDNINGSVARER	25
	17 produksjon av tekstiler	18
	18 produksjon av klær, beredning og farging av pelsskinn	7
DC	19 PRODUKSJON AV LÆR OG LÆRVARER	2
DD	20 PRODUKSJON AV TREVARER	48
DE	21-22 TREFOREDNING, GRAFISK PRODUKSJON OG FORLAGSVIRKSOMHET	79
	21 produksjon av papirmasse, papir og papirvarer	34
	22 forlagsvirksomhet, grafisk produksjon og reproduksjon av innspilte opptak	45
DF	23 PRODUKSJON AV KULL- OG PETROLEUMSPRODUKTER	21
DG	24 PRODUKSJON AV KJEMIKALIER OG KJEMISKE PRODUKTER	74
DH	25 PRODUKSJON AV GUMMI- OG PLASTPRODUKTER	20
DI	26 PRODUKSJON AV ANDRE IKKE-METALLHOLDIGE MINERALPRODUKTER	57
DJ	27-28 PRODUKSJON AV METALLER OG METALLVARER	338
	27 produksjon av metaller	238
	28 produksjon av metallvarer, unntatt maskiner og utstyr	100
DK	29 PRODUKSJON AV MASKINER OG UTSTYR	74
DL	30-33 PRODUKSJON AV ELEKTRISKE OG OPTISKE PRODUKTER	42
	30 produksjon av kontor- og datamaskiner	1
	31 produksjon av andre elektriske maskiner og apparater	26
	32 produksjon av radio-, fjernsyns- og annet kommunikasjonsutstyr	8
	33 produksjon av medisinske instrumenter, presisjonsinstrumenter, optiske instrumenter, klokker og ur	7
DM	34-35 PRODUKSJON AV TRANSPORTMIDLER	400
	34 produksjon av motorkjøretøyer, tilhengere og deler	24
	35 produksjon av andre transportmidler	376
DN	36-37 ANNEN INDUSTRIPRODUKSJON	40
	36 produksjon av møbler, annen industriproduksjon	35
	37 gjenvinning	5
E	40-41 KRAFT- OG VANNFORSYNING	62
	40 elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvannsforsyning	62
	41 oppsamling, rensing og distribusjon av vann	0
F	45 BYGGE- OG ANLEGGSVIRKSOMHET	555
G	50-52 VAREHANDEL, REPARASJON AV KJØRETØYER OG HUSHOLDNINGSAPPARATER	225
	50 handel med, vedlikehold og reparasjon av motorkjøretøyer og motorsykler.	
	51 detaljhandel med drivstoff til motorkjøretøyer og motorsykler	123
	52 agentur- og engroshandel, unntatt med motorkjøretøyer og motorsykler	60
	53 detaljhandel, unntatt med motorkjøretøyer og motorsykler.	
	54 reparasjon av husholdningsvarer og varer til personlig bruk	42
H	55 HOTELL- OG RESTAURANTVIRKSOMHET	48
I	60-64 TRANSPORT OG KOMMUNIKASJON	318
	60 landtransport og rørtransport	84
	61 sjøtransport	146
	62 lufttransport	47
	63 tjenester tilknyttet transport og reisebyråvirksomhet	24
	64 post og telekommunikasjoner	17
J	65-67 FINANSIELL TJENESTEYTING OG FORSIKRING	55
	65 finansiell tjenesteyting unntatt forsikring og pensjonsfond	54
	66 forsikring og pensjonsfond unntatt trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	1
	67 hjelpevirksomhet for finansiell tjenesteyting	0
K	70-74 EIENDOMSDRIFT, FORRETNINGSMESSIG TJENESTEYTING OG UTEIEVIRKSOMHET	68
	70 omsetning og drift av fast eiendom	7
	71 utleie av maskiner og utstyr uten personell, utleie av husholdningsvarer og varer til personlig bruk	8
	72 databehandlingsvirksomhet	6
	73 forskning og utviklingsarbeid	7
	74 annen forretningsmessig tjenesteyting	40
L	75 OFFENTLIG FORVALTNING	384
M	80 UNDERVISNING	41
N	85 HELSE- OG SOSIALTJENESTER	138
W	88 MIDLERTIDIG FOR INV.SELSKAP OG HVILENDE SELSKAP	0
O	90-93 ANDRE SOSIALE OG PERSONLIGE TJENESTER	87
	90 kloakk- og renovasjonsvirksomhet	19
	91 interesseorganisasjoner ikke nevnt annet sted	8
	92 fritidsvirksomhet, kulturell tjenesteyting og sport	15
	93 annen personlig tjenesteyting	45
P	95 LØNNET HUSARBEID	0
Q	99 INTERNASJONALE ORGANER OG ORGANISASJONER	1

* Vi gjør oppmerksom på at det er en stor underrapportering av arbeidsrelaterte sykdommer

Arbeidsrelaterte sykdommer i 2000



Antall innmeldte arbeidsrelaterte sykdommer etter hoveddiagnose 1992-2000*

Sykdommer	92	93	94	95	96	97	98	99	00
Infeksiøse og parasittære sykdommer	10	7	14	4	14	9	8	25	9
Svulster	98	71	73	142	116	99	121	174	162
Psykiske lidelser	18	26	29	41	32	45	73	59	91
I nervesystem	156	128	146	87	91	129	129	97	93
I øye	11	11	16	12	11	10	13	7	9
I øre	1	5		2	1	5	1	1	
Larmskadet hørsel	630	1108	829	999	1506	1620	1915	1704	1707
I sirkulasjonsorganer	35	22	19	26	18	19	37	28	30
I åndedretsorganer	508	437	416	708	557	615	692	645	569
I fordøyelsesorganer	8	2	14	13	3	5	5	5	2
I urin- og kjønnsorganer				2	1	12		1	2
I hud	326	296	345	387	376	433	499	391	487
I muskel- og skjelettsystemet	375	272	473	481	378	381	277	274	363
Mangelfullt definerte tilstander	13	9	43	55	55	45	65	46	87
Sykdommer etter skade og ytre vold	4	7	17	2	3	6	4	5	8
Akutte forgiftninger	32	30	62	22	17	22	18	19	22
Andre skadelige virkninger	8	14	2	3	5	2	2	1	8
Totalt	2233	2445	2498	2986	3184	3457	3859	3482	3649

* Tallene i tabellen kan bli noe justert.